



Arkiv: 151
Arkivsaksnr.: 2018/707
Saksbehandlar: Magne Værholm
Dato: 28.10.2018

Økonomiplan 2019 - 2022 og årsbudsjett 2019

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Administrasjonssjefen si innstilling

- 1) Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan 2019 - 2022 slik det går fram av skjema 1A og 1B (økonomiplan) i saksframlegget, pkt 4.5.
- 2) Vestnes kommunestyre vedtek driftsbudsjett 2019 slik det går fram av skjema 1A og 1B (driftsbudsjett) i saksframlegget, pkt 5.12.
- 3) Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjett 2019 med ei brutto investeringsramme på kr 35.190.000,-.

Følgjande investeringstiltak, som er **uprioritert**, er med:

Prosjekt	Løyving 2 019
1 Legesenter, div utstyr	150 000
2 Tomrefjord skule, classesett stolar og pultar	150 000
3 Barnehagar, uteleikar og uteområdet	500 000
4 Grunnskulen, classesett PC og IKT utstyr	1 100 000
5 Kulturskulen, interaktiv nettstad	200 000
6 Helland barnehage, utstyr inne	200 000
7 Barnehagane, sett med datautstyr	150 000
8 Sjøgata - opprusting	4 350 000
9 4. arm i rundkøringa, rasteplass og parkeringsareal	3 000 000
10 Grøntaksen, reguleringsplan	500 000
11 Opprusting komm. Vegar inkl. asfaltering	2 000 000
12 Brann utstyr skogbrannberedskap	250 000
13 Buktavegen, restløyving	5 500 000
14 Eigeomsdrift, lift	750 000
15 Maling/rehabilitering av bygningar på Myra området	500 000
16 Tiltak innanfor BUHAB	500 000
17 IKT - ror	1 700 000
18 Vestnes fellesråd, flislegging Vike kyrkje	290 000
19 Eigenkapitalinskott KLP	2 600 000
20 IKT utstyr felles	1 500 000

21	Ringeanlegg, Senior Plaza	700 000
22	Opprusting kommunale bygg, fordelast seinare	1 500 000
Sum ordinære investeringar		28 090 000
23	Bustadfelt Fiksdal	1 500 000
24	Avløp	5 000 000
25	Brann/feiring, bil	600 000
Investeringar , kapitalkostnader dekkja av avgift/gebyr		7 100 000
Sum investeringar 2019		35 190 000

Investeringane vert finansierte slik:

	Sum
Låneopptak, ordinære investeringar	20 490 000
Låneopptak, dekkja av gebyr	7 100 000
Momsrefusjon	5 000 000
Sal av eigedom	2 600 000
	35 190 000

- 4) Vestnes kommunestyre skriv ut eigedomsskatt etter §§ 2 og 3 i Eigedomsskattelova.
- 5) I medhald av eigedomsskattelova § 3 bokstav a, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2019 på alle faste eigedommar i heile kommunen. På tidlegare skattlagde verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn). Ein skriv ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2019 (overgangsregel til §§ 3 og 4 i Eigedomsskattelova.)
- 6) Skattesatsen vert sett til 4,0 promille for alle eigedommar jf. Eigedomsskattelova §§ 11, 1. ledd og § 13. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 4,0 promille.
- 7) Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jfr. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd.
- 8) Som standard vert det 4 betalingsterminar jf. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes kommune vil i løpet av 2019 tilby fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1 – 12 terminar etter visse reglar.
- 9) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar Vestnes kommune gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre.
- 10) Vestnes kommunestyre frittek etter § 7 i Eigedomsskattelova:
 - a. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
 - b. Eigedom som har historisk verdi
- 11) Vestnes kommunestyre ber administrasjonssjefen utgreie tiltak som kan gje reduksjonar i driftsbudsjettet så snart som råd, og seinast frå 2020. Dette kan t.d. vere:
 - omfang og organisering av mattilbod til heimebuande
 - gjennomgang av omfattande enkeltvedtak for mogeleg reduksjon til forsvarleg minstenivå
 - samordning/samanslåing av dagtilbod
 - sal av eigedom – sal av ledige husvære
 - tiltak for reduksjon av overtid

SAKSUTGREIING:

1 Innleiing

Vestnes kommune har dei siste åra arbeidd for å få ein samanheng i dei kommunale styringsdokumenta. Kvart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:

- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf Plan- og bygningslova § 11-1
- Økonomiplan, jf kommunelova § 44
- Årsbudsjett, jf kommunelova § 45

I den nye kommunelova som blir gjeldande frå 2020, er følgjande ordlyd teken inn i § 14-4 – Økonomiplan og årsbudsjett:

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

I oktober 2018 behandla kommunestyret Kommuneplanen sin handlingsdel med første skisse til økonomiplan 2019 – 2022.

Kommuneplanen sin handlingsdel vart vedteken av kommunestyret 25.oktober i sak 66/2018. I same sak vedtok kommunestyret å behandle endeleg økonomiplan 2019 – 2022 og årsbudsjett 2019 i desember 2018.

Skisse til økonomiplan vart drøfta slik:

- Dialogmøta mellom administrasjon og kommunestyre den 15. og 16.oktober
- Eldreråd og råd for funksjonshemma den 10.oktober
- Alle tillitsvalde var inviterte til å delta i dialogmøta

Vidare prosess:

Økonomiplan 2019 – 2022 og årsbudsjett 2019 blir med dette lagt fram frå administrasjonssjefen.

Etter kommunelova §§ 44 og 45 skal kommunestyret gjere vedtak om økonomiplan og årsbudsjett etter framlegg frå formannskapet.

Formannskapet si innstilling skal ligge ute til offentleg ettersyn i minst 14 dagar.

Formannskapet gjer vedtak den 3.desember, og kommunestyret den 18.desember. Evt innspel til budsjett og økonomiplan vert lagt som vedlegg til saka som blir utsendt til kommunestyret.

2 Samandrag økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019

1. Vestnes kommune har eit for høgt driftsnivå.
Vi har ikkje økonomi til å yte så gode og omfattande tenester som vi gjer i 2018.
Utfordringa er å finne handlingsrommet og få innbyggjarar, tilsette og politikarar til å stake ut vegen saman. Kva oppgåver og tenester MÅ prioriterast og kva kan vi gjere annleis?
2. Inntektene til Vestnes kommune aukar med ca 10 mill kroner frå 2018 til 2019.
Utgiftene til tenestene våre aukar med ca 13 mill kroner frå 2018 til 2019. Det er lågare enn løns- og prisstigning, men likevel høgare enn inntektsauken.
3. Det må frigjerast driftsmidlar for å kunne dekke aukande rente- og avdragsutgifter.
Investeringane i helse- og omsorgssenter er heilt naudsynte for at Vestnes kan levere gode og framtidsretta institusjonstenester.
4. Utgiftene til interkommunale samarbeid aukar (krisesenter, legevakt og IKT).
Auken utgjør meir enn løns- og prisstigning.
5. Berre eit par av tenesteområda får auka budsjett for 2019. Dette gjeld særleg Barn, ungdom og familie, samt barnehagesektoren. Dei fleste andre får reelt reduserte rammer.
Det er også på dei fleste område sett inn uspesifiserte sparetiltak. Desse må snarast spesifiserast for å kunne greie å halde budsjettet for 2019. Dette arbeidet må administrasjonssjefen starte allereie i desember 2018.
6. Grunnskule: det er føresett ei nedlegging av Tresfjord og Fiksdal skular frå haust 2019.
Det må framleis vurderast om omfanget av spesialpedagogisk hjelp kan reduserast.
7. Barnehage – Vestnes kommunestyre har bestemt at alle barn skal få plass i barnehage; også dei som utifrå alder ikkje har slik rett. Er det framleis prioritert å ta ein slik kostnad?
8. Bu- og habiliteringstenestene får reduserte løyvingar i heile økonomiplanperioden. Sektoren må vurdere enkeltvedtak og om tenestene er «for rause». Dagsentertilboda må gjennomgåast. Overtidsbruken må kraftig reduserast.
9. Helse og omsorg. Budsjettet er redusert i heile økonomiplanperioden. Det blir oppretta eit prosjekt i januar 2019 som skal førebu innflytting i nytt helse- og velferdssenter. Prosjektet skal ha fokus på effektive pasientforløp, effektiv samhandling mellom tenesteytarane og bemanning og leing av tenestene i bygget. Administrasjonssjefen vil kome attende med organisering og finansiering av prosjektet. Det er ikkje sett av midlar i budsjett 2019, men sidan innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar ikkje vart endra i statsbudsjettet for 2019, kan noko vere frigjort her. Det er ein føresetnad for å lukkast at prosjektet er breitt forankra i organisasjonen.
10. I tillegg må følgjande vurderast:
 - vurdere omfang og organisering av mattilbod til heimebuande
 - gjennomgang av enkeltvedtak der det vert innvilga tenester over eit nærare definert timetal. Ligg tilbodet over eit forsvarleg minstenivå?
 - samordning av dagtilbod
 - sal av eigedom – sal av ledige husvære
 - skal alle få plass i barnehage uavhengig om dei har lovkrav på plass?

3 Utdrag frå kommuneplanen sin handlingsdel.

Det vert nedanfor gjort ei oppsummering av opplysningar i kommuneplanen sin handlingsdel som har relevans for økonomiplanen.

Vekst i næringsliv – «Midt i blinken»:

Den sentrale geografiske plasseringa er utgangspunktet for visjonen «*Vestnes-midt i blinken*». Dette kan gi Vestnes eit større potensiale enn mange andre distriktskommunar for utvikling på mange samfunnsområde. Utfordringa er *korleis* utnytte den sentrale plasseringa i fylket til å skape vekst og utvikling for næringslivet generelt, handel, turisme og busetting. Veksten i næringslivet gir fulle ordrebøker i fleire år. Dette gir positive ringverknader på mange område; underleverandørar, handel etc. Det gir også lågare arbeidsløyse, ein nedgang på 15% siste året. Korleis denne situasjonen kan gi kommunen vekst og utvikling av permanent busetting og næringsetablering, er ei lokalpolitisk hovudutfordring. Veksten i næringslivet medfører i liten grad vekst i kommunebudsjetta. Sidan skatteinntektene i Vestnes ligg under det nasjonale gjennomsnitt, er det innbyggartalet som er heilt avgjerande. Dersom fleire av arbeidarane i skipsindustrien flyttar til kommunen med familiane sine, ville dette fått store og positive utslag for kommuneøkonomien.

Handel og industri:

Handelsnæringa representerer samla ein av dei største arbeidsplassane i Vestnes. Kommunesenteret er gjennom både private og kommunale utbyggingar i god utvikling og har tatt ein markant posisjon som handelsstad mellom Moa og Molde. Sentrum er også ein viktig arena som sosial møtestad og som kommunens ansikt utad. Vestnes treng meir næringsareal, slik at ein legg til rette for etablering av store og små verksemder og dermed vekst og ein større flora av arbeidsplassar i kommunen. Eit mindre areal i Misfjordskogen er snart ferdig utvida, medan Skorgeneset har avgrensa mulegheiter for utviding. Gjermundnes er førebels mindre etterspurt.

Demografiske utfordringar:

Kommunestyret sitt mål er tilflytting og vekst i alle bygdelag. Eit sterkt sentrum med levande bygder er eit Vestnes «midt i blinken». Det vanskelege lokalpolitiske dilemma er at vi må ta konsekvensen når folketalsutviklinga ikkje samsvarer med dei måla vi har sett.

I komande økonomiplanperioden er dette er hovudutfordringa:

- Talet på kvinner i fruktbar alder (18-40) er redusert frå 1023 i 1986 til 793 i 2018.
- Fødselstal 2017 : 50. Eit historisk lavt fødselstal. Nokolunde same tal forventa i 2018.
- Talet på personar 80 -100 år i 2016: 322. SSB si framskriving 2040: 736

Konsekvensar av nasjonale reformer:

Nasjonale reformer og styringssignal som det vert vist til i kommuneplanen sin handlingsdel kap 5 vil gi både faglege og ikkje minst økonomiske konsekvensar for Vestnes kommune. Særleg vil samhandlingsreforma gi større og større utslag økonomisk i og med at kommunen no får ansvar for stadig meir avansert behandling, både heimebasert og institusjonsbasert. Oppbygging av heildøgntenester innan psykisk helse utfordrar i særleg grad budsjetta frå 2019. Dette, kombinert med redusert barnetal, har gjort at vi for 2019 ikkje maktar å legge fram

eit årsbudsjett med overskott. Det er svært beklageleg og ikkje i tråd med intensjonane då kommunestyret vedtok å auke eigedomsskatten.

I tillegg til samhandlingsreforma gir nasjonale normeringar innan oppvekstområdet økonomiske utfordringar.

Nemnast må også endring i dimensjoneringsforskrifta innan brann og beredskap gi føringar for korleis lokale brann- og redningsvesen skal organiserast, dimensjonerast og kva kompetansekrav som skal stillast.

Mykje av det same gjeld for akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus som er eit kommunalt ansvar. Det blir nye krav til kompetanse i legevakt frå 2020, samt krav til kommunal øyeblikkeleg hjelp. Det er også varsla auka utgifter i samband med etablering av «èn innbygger èn journal» - Helseplattforma.

Skulebygga i Vestnes:

Kommunestyret må bestemme korleis den totale bygningsmassen skal nyttast og rehabiliterast til tenlege og framtidretta skulebygg. Det må også avklarast om kommunestyret held fast ved at det skal byggast ny ungdomsskule, eller om noverande skulebygg skal rehabiliterast/påbyggast. I økonomiplanen og årsbudsjett 2019 er det føreset at Fiksdal og Tresfjord skular blir nedlagte frå august 2019.

Andre økonomiske hovudutfordringar:

Sjå nærare omtale under kap 5.

Vertskommunetilskott

Ordninga i dag fungerer slik at tilskottet blir trappa ned i takt med fråfall av vertskommunebrukarar. Dersom Stortinget endrar denne ordninga, vil det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune. Kanskje ei av dei største økonomiske utfordringane vi kan sjå.

Differensiert arbeidsgjevaravgift.

Geografisk plassering av verksemda avgjer sats for arbeidsgjevaravgift. Satsane er lågare i distrikta enn i sentrale strøk. Frå 01.07.14 vart vi sett ned til sone 2, dvs 10,6%. Dette skal gjelde fram til 31.12.20. Dersom Vestnes vert sett tilbake i sone 1 frå 2021, vil det bety 14,0 – 15,0 mill. kr i ekstra utgifter for kommunen. Sjølv sagt vil også det private næringsliv få auke i sine kostnader.

Auka rente og avdrag

Renta er i dag svært låg, vi betaler ned mot 1,7% rente på våre lån. Signala er eit rentenivå for kommunal sektor på 3,0 % i 2022. Med dei store investeringsprosjekta vi har planlagt vil lånegjelda auke mykje, og renteauke utover det som er signalisert få store konsekvensar.

4. Økonomiplan 2019 - 2022

4.1 Samandrag taldel

Alle tal i 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett	Budsjettframlegg			
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Driftsutgifter	462 157	475 535	488 100	481 650	477 550	474 650
Nto. Finans innt./utg.	15 973	21 300	23 600	27 500	33 200	41 700
Nto. Avsetninger	449			0		
Sum utgifter	478 579	496 835	511 700	509 150	510 750	516 350
Frie disponible inntekter	482 741	501 550	511 700	516 200	510 600	515 000
Resultat	4 162	4 715	0	7 050	-150	-1 350
Bruk av disposisjonsfond					150	1 350
Resultat etter bruk av fond			0	7 050	0	0

Resultat i % av driftsinn.	0,9	0,9	0	1,4	0,0	-0,2
Disposisjonsfond	7 921	7 921	7 921	14 971	14 821	13 471

- Budsjett 2019 er første år i økonomiplanperioden. Alle tal i planperioden er i 2019 tal kan såleis samanliknast.
- Ved utrekning av disposisjonsfond er det rekna med at det ikkje vert avsett «overskott» til disp. fond i 2018.

Kommentarar:

- **Driftsbudsjett 2019 er svært stramt, slik det har vore dei seinare år. Alle signal tyder på at det vert strammare økonomiske tider for kommunesektoren i åra framover.**
- Utgiftssida for resten av perioden er meir usikker. Erfaring er at utgiftene aukar meir enn det vi har rekna med. Vi har, så godt som det er mogeleg, prøvd å lage ein økonomiplan som er realistisk. Det må gjennomførast både effektiviseringstiltak og kutt/innsparringar utover i planperioden dersom skal vi klare å holde drifta i balanse.
- 2019: Fiksdal skule og Tresfjord skule er forutsett lagt ned frå hausten 2019. Her må eigne prosessar gjennomførast. Dersom resultatet av prosessen blir at kommunestyret vedtek at skulane ikkje vert lagt ned, må andre tiltak gjennomførast. Administrasjonssjefen ser ikkje pr. i dag alternative løysingar.
- Felles ungdomsskule; skulenemnda skal legge fram sin rapport ved årskiftet og kommunestyret gjere vedtak om framtidig struktur og bygging av lokale til evt. felles ungdomsskule i mars 2019. I økonomiplanen er det ikkje teke med ekstra kapitalutgifter eller reduserte kostnader ved evt. felles ungdomsskule. Det kjem vi tilbake til i neste rullering av økonomiplanen.
- Pleie- og omsorg må effektivisere drifta og få innsparring når nytt helse- og velferdsbygg er ferdig og ein får samla drifta i eitt bygg.
- Bu- og habiliteringstenestene føreset vi bygger ned og avviklar bueiningar etter kvart som antall vertskommunebrukarar vert redusert. I tillegg må denne store eininga vurdere andre tiltak for å redusere utgiftene. Det er ikkje realistisk at ein klarer å legge ned bueinga kvar år, difor ingen reduksjon i 2021.
- I tillegg til det som er nemnt ovanfor må ein i heile planperioden søke å finne fleire tiltak for å redusere utgiftene, alle einingar må rekne med å få strammare budsjetttrammer.
- Det er føreset at vi etter 2021 fortsatt er i arbeidsgjevaravgiftssone 2.
- På inntektssida reknar vi med at det ikkje skjer endring i utrekning av vertskommunetilskott, eller i reglane for berekning av eigedomsskatt.

4.2 Økonomiplan inntekter

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	2 017	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022
Driftsinntekter eksterne						
Skatt og inntektsutjamning	184 700	187 000	192 000	193 000	195 000	197 000
Rammeoverføring	158 199	168 500	180 000	183 000	183 000	183 000
Eigedomsskatt	18 934	19 600	20 000	20 000	20 000	20 000
Andre generelle statstilskott						
- Vertskommunetilskott	103 790	104 500	104 800	102 200	99 600	97 000
- Komp eldreutb/skule m.m.	1 571	2 750	2 000	2 000	2 000	2 000
- Integreringstilskott	14 173	12 200	11 500	11 000	11 000	11 000
Oppdrettskons. kommuneandel		7 000	1 400	5 000		5 000
Driftsinntekter	481 367	501 550	511 700	516 200	510 600	515 000
Utbytte VEAS	6 100	4 000	5 000	5 000	5 000	5 000

Skatt/inntektsutjamning og rammeoverføring

Det er teke utgangspunkt i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2019. Vi føreset at innbyggjartalet ikkje vert redusert i perioden. Det vil føre til mindre overføringar. Rammeoverføringane vil auke fram til 2020 grunna kompensasjon for redusert arbeidsgjevaravgift.

Skatteinntektene har vi føreset i får ein «reell» auke på 1 % pr. år.

Vertskommunetilskott.

redusert med 2,6 mill. kr pr. år. Dette i tråd med nedtrappingsordninga for vertskommunetilskott som gjeld i dag.

Administrasjonssjefen føreset at den nedtrappingsordninga som gjeld i dag ikkje vert endra.

Dersom Stortinget endrar denne ordninga, kan det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune.

Asyl- og integreringstilskott

Statleg tilskott for å gje tilbod til busette flyktningar i Vestnes kommune. Det er pr. i dag usikkert kor mange som vert busette i åra framover. Vi føreset ei årleg busetting på 10 flyktningar pr. år. Busettingstal for 2019 blir kjent i desember.

Utbytte VEAS

Det er budsjettert med ein auke på 1,0 mill. kr samanlikna med utbytte 2018-budsjett.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med same nivå: 4 promille i heile økonomiplanperioden.

**Vi har ikkje lagt inn endingar i reglane for kva ein kan krevje inn i eigedomsskatt då det ikkje er kjent korleis regelverket blir utforma.
Det er og lovt at det skal bli kompensert.**

4.3 Økonomiplan – utgifter

Bruk av midlar (eks. finanskostnader) for perioden 2019 – 2022 er fordelt slik:

Eining	Alle tal i 1000	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
		2017	2018	2019	2020	2021	2022
1	Politisk verksemd	6 523	6 272	6 700	6 600	6 700	6 600
2	Sentraladm/servicektr/fellesutg.	27 995	29 747	30 500	30 500	30 500	30 500
3	Grunnskule	82 210	81 862	80 900	77 300	77 300	77 300
4	Barnehage	41 524	41 538	43 100	43 100	43 100	43 100
5	Kulturskulen, kultur og fritid	14 219	14 850	14 950	14 950	14 950	14 950
6	Kvalifisering og integrering	10 706	10 233	10 300	10 300	10 300	10 300
7	Barn, ungdom og familie	16 754	19 258	22 250	22 250	22 250	22 250
	Barnevern	13 223	12 666	12 950	13 000	13 000	13 000
8	Helse, omsorg og velferd	136 184	109 766	110 150	110 150	110 150	110 150
	- effektiviseringstiltak nytt helse- og v.					-4 000	-4 000
9	Bu- og habiliteringstenestene	121 445	131 613	129 600	127 000	127 000	124 400
10	Eigedomsdrift	1 602	763	2 200	2 200	2 200	2 200
11	Teknisk sektor	14 445	14 767	15 000	15 000	15 000	15 000
12	Kjøp tenester Tremek	2 490	2 200	2 500	2 300	2 100	1 900
13	Avsatt til lønsauke			7 000	7 000	7 000	7 000
14	Eigenkapitalinnskott i KLP		0	0			
	Sum bruk av midlar	489 320	475 535	488 100	481 650	477 550	474 650

Føresetnader som er lagt inn

Utgiftene til dei fleste einingane i åra 2020 – 2022 er som budsjett 2019 dersom ikkje noko anna er nemnt nedanfor.

Økonomiplan ikkje er bindande anna enn for år 1. Det som er føreslått både av reduksjonar og nye tiltak er signal om kva tiltak administrasjonen meiner må gjennomførast i perioden.

- **Grunnskule**, her er føresett at Fiksdal skule og Tresfjord skule vert lagt ned frå hausten 2019. Mange av elevane kan gå direkte inn i klassane på Helland og Tomrefjord utan at det vert ekstra klasser, men for nokre årskull vil det bli ekstraklasser (Tomrefjord). Dei to skulane har i dag eit nto. budsjett på ca. 10,0 mill. kr. Vi føreset ei innsparing på 2,6 mill. kr i 2019, og 6,2 mill. kr på årsbasis frå 2020. Evt. vedtak om endring av ungdomsskulestrukturen vil bli lagt inn ved neste rullering av økonomiplan.
- **Pleie- og omsorg**, her føresett vi strukturendringar og innsparingar når nytt helse- og velferdssenter er ferdig og teke i bruk i 2021. Vi stipulerer spareeffekt på 4,0 mill. kr frå 2021. Sparing gjeld både drift av hus (energi, vedlikehald m.m.), matlevering, personellbruk i buavdelingane. Her må presiserast at meir nøyaktig sum må ein komme fram til seinare når ein er kommen lenger i planlegginga med nytt hus.
- **Barnehage**, her må vi auke ressursbruken for 2019 for å kunne gje tilbod til alle som ynskjer plass. Kommunestyret har tidlegare avgjort at alle som ønskjer det skal få plass; også barn utan slik rett. Framtidig fødselstal vil være svært avgjerande for behovet utover i perioden, men vert det fortsatt låge fødselstal vil det ikkje være behov for meir auke av barnehagekapasiteten, kanskje tvert om det kan bli ledig kapasitet og ein må stenge ei avdeling.
- **Bu- og habiliteringstenestene**, nedbygging etter HVPU-reforma. Føresett nedlegging av ei bueining i 2019. Vidare nedtrapping i tråd med årleg nedtrapping av vertskommunetilskottet, unntak 2021. Eininga skal også gje tilbod til nye brukarar som ikkje er innanfor ansvarsreforma og det er fleire yngre som ventar på kommunalt tenestetilbod; også bustad.
- **Barn, ungdom og familie (BUF)**, det er stort press for å få teneste frå denne eininga. Både innan rus/ psykisk helse og i gruppa nye unge brukarar er det behov for tenester. Eininga har teke i bruk Myrateigen i 2018 der ein no gir heildøgntilbod. Det er dette tilbodet som medfører budsjettauke for BUF i 2019 og i heile økonomiplanperioden.

Renter og avdrag

Vi forventar følgjande utvikling i finanskostnader:

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Renter, nto	5 805	7 800	8 300	7 800	9 200	17 700
Avdrag	16 340	17 500	20 300	24 700	29 000	29 000
Sum renter og avdrag, nto	22 145	25 300	28 600	32 500	38 200	46 700

Føresetnader:

- Låneopptak pr. år tilsvarande det vi betaler i årlege avdrag 20,0 – 25,0 mill. kr. (ekskl. dei store investeringsprosjekta og der renter/avdrag vert dekkja av gebyr).
- 2,5 % rente i 2019 og 2020, 3,0 % i 2021 og 2022.
- 25 års avdragstid
- Rente og avdrag aukar i 2019, vesentleg grunna Tomrefjord idrettsbygg.

- Bygging av nytt helse- og velferdssenter startar tidleg i 2019. Vi må utgiftsføre avdrag på lån allereie i 2020 (året etter byggjeart). Og auken i avdrag i 2020 og 2021 skuldast dette nybygget.
- I byggeperioden vert rente på låneopptak belasta investeringsrekneskapen som byggelånsrente.
- Renter og avdrag på skuleutbygging/rehabilitering er ikkje med i denne oversikta då det enno ikkje er avklart kva og kor mykje som skal gjerast.

4.4 Økonomiplan – investeringar

Vestnes kommune har vore forsiktig med investeringar dei seinare åra.

Både administrasjon og politikarar har hatt som målsetting å halde årlege investeringar på eit slikt nivå at dei årlege låneopptaka ikkje vert høgare enn årlege avdrag.

Vi er ein av kommunane i Møre og Romsdal med lågast lånegjeld pr. innbyggjar.

Dette er i utgangspunktet positivt, men samstundes veit vi at i kommande økonomiplanperiode står Vestnes kommune framfor svært store investeringar innanfor spesielt skule og pleie- og omsorg.

Dette er investeringar som helt er nødvendige for å ha bygningsmasse på desse områda som er tilpassa nasjonale krav og standardar.

I perioden fram til 2022 skal vi etter planen gjere svært store investeringar m.a. i:

- Helse- og velferdssenter
- Ny ungdomsskule
- Lokale til Vestnes kulturskule
- Rehabilitering av Tomrefjord skule og Helland barneskule
- Nye næringsareal og bustadområde

I tillegg mange andre mindre investeringar.

4.5 Økonomiplan rekneskapskjema

Budsjettskjema 1A

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk. Plan		
	2 017	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022
Skatt på inntekt og formue	160 490	187 000	192 000	193 000	195 000	197 000
Ordinært rammetilskudd	182 409	168 500	180 000	183 000	183 000	183 000
Skatt på eigedom	18 934	19 600	20 000	20 000	20 000	20 000
Andre direkte eller indirekte skatter						
Andre generelle statstilskudd	120 908	126 450	119 700	120 200	112 600	115 000
Sum frie disponible inntekter	482 741	501 550	511 700	516 200	510 600	515 000
Renteinntekter og utbytte	6 894	4 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Gevinst finansielle instrument	3					
Renteutg. provisj. og andre fin. Utg	-6 530	-7 800	-8 300	-7 800	-9 200	-17 700
Tap finansielle instrument						
Avdrag på lån	-16 340	-17 500	-20 300	-24 700	-29 000	-29 000
Nto. Finansint./utg.	-15 973	-21 300	-23 600	-27 500	-33 200	-41 700
Til dekning av tidl. Reknesk. undersk.	-3 309					
Til ubundne avsetninger	-1 840			-7 050		
Til bundne avsetninger	3 309					
Bruk av tidl. Års mindreforbruk					150	1 350
Bruk av ubundne fond	1 391					
Bruk av bundne avsetninger						
Netto avsetninger	-449	0	0	-7 050	150	1 350
Overført til investeringsrekneskap	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	466 319	480 250	488 100	481 650	477 550	474 650
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	462 157	475 535	488 100	481 650	477 550	474 650
Meir (-) /mindreforbruk	4 162	4 715	0	0	0	0

Disposisjonsfond utg. året	7 921	7 921	7 921	14 971	14 821	13 471
----------------------------	-------	-------	-------	--------	--------	--------

Budsjettskjema 1 B

Eining		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
Alle tal i 1000		2017	2018	2019	2020	2021	2022
1	Politisk verksemd	6 523	6 272	6 700	6 600	6 700	6 600
2	Sentraladm/servicektr/fellesutg.	27 995	29 747	30 500	30 500	30 500	30 500
3	Grunnskule	82 210	81 862	80 900	77 300	77 300	77 300
4	Barnehage	41 524	41 538	43 100	43 100	43 100	43 100
5	Kulturskulen, kultur og fritid	14 219	14 850	14 950	14 950	14 950	14 950
6	Kvalifisering og integrering	10 706	10 233	10 300	10 300	10 300	10 300
7	Barn, ungdom og familie	16 754	19 258	22 250	22 250	22 250	22 250
	Barnevern	13 223	12 666	12 950	13 000	13 000	13 000
8	Helse, omsorg og velferd	136 184	109 766	110 150	110 150	110 150	110 150
	- effektiviseringstiltak nytt helse- og v.					-4 000	-4 000
9	Bu- og habiliteringstenestene	121 445	131 613	129 600	127 000	127 000	124 400
10	Eigedomsdrift	1 602	763	2 200	2 200	2 200	2 200
11	Teknisk sektor	14 445	14 767	15 000	15 000	15 000	15 000
12	Kjøp tenester Tremek	2 490	2 200	2 500	2 300	2 100	1 900
13	Avsatt til lønsauke			7 000	7 000	7 000	7 000
14	Eigenkapitalinnskott i KLP		0	0			
Sum bruk av midlar		489 320	475 535	488 100	481 650	477 550	474 650

5. Driftsbudsjett 2019

5.1 Hovudoversikt – frie disponible inntekter 2019

Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2 019	Budsjett 2 018	Rekneskap 2 017
Skatt og inntektsutjamning	192 000	187 000	184 700
Rammeoverføring	180 000	168 500	158 199
Eigedomsskatt	20 000	19 600	18 934
Andre generelle statstilskott			
- Integreringstilskott	11 500	12 200	14 173
- Vertskommunetilskott	104 800	104 500	103 790
- Oppdrettskons. kommuneandel	1 400	7 000	163
- Komp eldreutb/skule m.m.	2 000	2 750	1 571
Driftsinntekter	511 700	501 550	481 530
- Utbytte VEAS	5 000	4 000	6 100

Kommentarar på overordna nivå – inntekter

Frie disponible inntekter aukar med 10,1 mill. kr, tilsvarande 2,0 %.

Dette er mindre enn forventa løns- og prisauke neste år som er anslått til 2,8 %.

Rammeoverføring

Rammeoverføringane er i hovudsak samansett av følgjande element:

Alle tal i 1000 kroner	2019	2018	Endring 2018 -2019
Innbyggartilskott	162 095	156 544	5 551
Utgiftsutjamning	10 839	8 260	2 579
Trekk for red. arbeidsgjevaravgift	-2 944	-5 727	2 783
Distriktstilskott	5 136	5 009	127
Skjønn	3 700	2 360	1 340
Diverse	1 078	820	258
Sum	179 904	167 266	12 638

- Kriteria som rammeoverføringane vert fordelt etter vert revidert/justert med visse mellomrom.
Vestnes kommune kom «heldig» frå endring av inntektssystemet som gjaldt frå 2017, neste endring truleg for 2021.
Då er mange kommunar slått saman og det er vorte mange større kommunar. Vi kan frykte at det kan gje uheldig utslag for oss.
- Vestnes kommune er ein av kommunane i Møre og Romsdal som får minst i rammeoverføring pr. innbyggjar.

Innbyggartilskottet er hovuddelen i rammeoverføringa. Her får alle kommunar ein lik sum pr. innbyggjar.

Tilskott pr. innbyggjar i 2019 er kr 24.710,-.

Utgiftsutjamning, er omfordeling mellom kommunane som følgje av forventa ulikt utgiftsbehov. Med grunnlag i eit sett kriterier vert det fastsett ein indeks for utgiftsbehovet i kvar kommune. Er indeksen høgare enn landsgjennomsnittet, får kommunen kompensert delar av dette ved utgiftsutjamning, og motsett er dersom kommunen er rimelegare å drive enn snittet, då vert ein trekt. Aldersfordelinga av innbyggjarane veg mykje her.

Vestnes vert også trekt for elevar som går på privatskule, **5,4 mill. kr** pr år.

Vestnes har alltid lagt noko over snittet på indeksen for utgiftsbehov og fått ekstra kompensasjon.

År	Indeks
2013	1,0223
2014	1,0158
2015	1,0050
2016	1,0149
2017	1,0250
2018	1,0341
2019	1,0391

- Reduksjonen fram til 2016 har nok mykje samanheng med endring i alderssamansetjing, nedgang spesielt i barnegruppa.
- Auken for 2017 og 2018 har m.a. samanheng med endringa/revidering av kriteria for rammeoverføring som vart gjeldande frå 2017. Vestnes kommune kom godt ut av det. I tillegg aukar indeksen for dei eldste aldersgruppene.
- Kostnadsindeksen for 2019 er 1,039 det betyr at det er 3,9% dyrare å drive Vestnes kommune enn landsgjennomsnitt og det får vi 10,8 mill. kr ekstra for i rammeoverføringa.
- Som nemnt tidlegare betyr alderssamansetjinga mykje for kostnadsindeksen. Unge og eldre veg svært høgt, og aldersgruppa 20 – 67 år mindre.

Ser vi på nokre av dei “tunge” kriteria viser dei følgjande tal for Vestnes:

	Indeks
Barn 0 år - 1 år	0,7714
Barn 2 år- 5 år	0,8755
Barn 6 år - 15 år	0,9657
Over 89 år	1,3195
PU over 16 år	1,3458

Vestnes vert trekt grunna lågare tal barn enn landsgjennomsnitt og får ekstra midlar fordi det er over gjennomsnittet i dei eldste aldersgruppene og PU (ekskl. ansvarsreforma).

Distriktstilskott, vert gitt til kommunar i sør-Norge med svak samfunnsmessig utvikling. Tilskottet varierer etter verdien på distriktsindeksen. Distriktsindeksen viser graden av distriktsutfordringar. Indeksen blir berekna ved at kommunane får ein verdi mellom 0 og 100. Kommunar med dei lågaste verdiane har dei største distriktsutfordringane. Distriktstilskottet blir større tilskott dess lågare indeksen er. Økonomisk kan det difor sjå ut til å vere ein fordel å komme dårleg ut på distriktsindeksen, men samtidig gjev det uttrykk for distriktsutfordringar; altså befolkningsnedgang, marknadsutfordringar og lav sentralitet. Vestnes gjekk ned i indeks utarbeidd for 2018, og dette gav dermed større tilskott. Same indeks er også brukt ved tildeling av midlar for 2019. Det er varsla endring i kriteria for utrekning av distriktsindeksen. Vestnes har i dag ein indeks på 41,0. Etter framlagt forslag frå dept til nye kriterium, vert den auka til 45,1. Det betyr at vi vil få redusert distriktstilskottet med 3,5 mill. kr. Dette vert ikkje sett i verk i 2019.

Trekk arbeidsgjevaravgift. vi vart trekt for den innsparinga kommunen fekk etter at Vestnes fekk redusert arbeidsgjevarsonen. Det var, etter departementet sitt syn den gang, ikkje føresetnaden at kommunen (berre privat næringsliv) skulle nyte godt av redusert arbeidsgjevaravgiftssone. Frå 2016 er dette imidlertid endra slik at vi får 20 % mindre trekk kvart år framover. I 2020 vert Vestnes ikkje lenger trekt.

I 2020 skal det på ny vurderast om vi fortsatt skal være plassert i sone 2 (10,6 % arbeidsgjevaravgift i staden for 14,1% som er i sone 1 der vi var plassert tidlegare). Vert vi flytta tilbake i sone 1, vil vi få ein ekstra kostnad på ca. 15,0 mill. kr, som vi då truleg ikkje får dekkja gjennom rammeoverføringane.

Skatteinntekter og inntektsutjamning,

Desse må vi sjå ilag då dei vert samordna.

Vestnes kommune har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet, og vert rekna som minsteinntektskommune.

Delar av den mindreinntekta vi har på skatteinntekter får vi kompensert ved inntektsutjamning. Dersom skatteinntektene vert lågare enn landsgjennomsnittet, får vi kompensert delar av dette ved auka inntektsutjamning. Motsett, dersom skatteinntektene våre aukar meir enn Landsgjennomsnittet, vert kommunen trekt.

- **Skatteinntektene for Vestnes er difor helt avhengig av utviklinga av skatteinntektene på landsbasis.**
- **Budsjettert skatteinntekt er basert på innbyggartal pr. 01.07.18. Det er imidlertid innbyggartal pr 01.01.19 som er utgangspunkt for skatteinntektene i 2019. Vi føreset at innbyggartalet ikkje går ned fram til då.**

Eigedomsskatt,

Administrasjonssjefen føreslår eigedomsskatt uforandra på 4 promille i 2018.

Vertskommunetilskott

I 2019 er tilskottet på 104,8 mill. kr. Det er teljing av brukarar kvart år og tilskottet skal reduserast årleg i takt med reduksjon i talet på brukarar. Regelverket for reduksjon av vertskommunetilskottet er no slik at ingen kommune skal ha større årleg reduksjon i tilskottet enn kr 400,- pr. innbyggjar. Vi får difor årleg reduksjon på 2,6 mill. kr.

Vi har hatt mange dødsfall siste åra og ut frå denne nedtrappingsordninga er Vestnes er ikkje trekt så mykje som fråfall av brukarar skulle tilseie.

- Dette er ei svært gunstig ordning for dei vertskommunane som har mange brukarar og lite folketal, slik som Vestnes.
- Dersom Stortinget endrar denne ordninga, kan det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune.

Asyl- og integreringstilskott,

statleg tilskott vi får for å gje tilbod til flyktningar som er busett i Vestnes kommune. Vi føreset mottak av minst 10 nye flyktningar i 2019.

Utbytte VEAS,

Budsjettert med 1.0 mill. kr meir i utbytte enn i 2018.

5.2 Bruk av midlar – driftsutgifter 2019

Driftsutgiftene er utarbeidd med **grunnlag i dagens drift**, korrigert for løns- og prisauke, og tilpasningar til inntektsrammer som administrasjonssjefen gjer framlegg om for å få økonomisk balanse.

5.2.1 Driftsutgiftene er fordelt slik:

Rekneskapskjema 1B - drift 2019		Budsjett	Budsjett	Rekneskap
Eining	Alle tal i 1000	2019	2018	2017
1	Politisk verksemd	6 700	6 272	6 524
2	Sentraladm/servicektr/fellesutg.	30 500	29 747	28 562
3	Grunnskule	80 900	81 862	82 210
4	Barnehage	43 100	41 538	40 454
5	Kulturskolen, kultur og fritid	14 950	14 850	14 312
6	Kvalifisering og integrering	10 300	10 233	10 713
7	Barn, ungdom og familie	22 250	19 258	16 754
	Barnevern	12 950	12 666	13 223
8	Helse, omsorg og velferd	110 150	109 766	134 686
9	Bu- og habiliteringstenestene	129 600	131 613	121 447
10	Eigedomsdrift	2 200	27 378	28 193
11	Teknisk sektor	15 000	14 767	14 445
12	Kjøp tenester Tremek	2 500	2 200	2 490
13	Avsatt til lønsauke 2018	7 000		
14	Kalkulatoriske inntekter		-26 615	-26 615
Sum bruk av midlar		488 100	475 535	487 398


Grunna omlegging av rekneskapsføring og oppstilling av rekneskapskjema vert det litt vanskeleg å samanlikne budsjett 2019 mot tidlegare år.

- **Tilskott ressurskrevjande brukarar vert frå 2018 inntektsført på fellesutgifter innan helse, omsorg og velferd i staden for i lag med eksterne inntekter slik som tidlegare år**
- **Frå og med 2019 vert ikkje kalkulatoriske renter og avdrag fordelt på eigedomsdrift slik som tidlegare.**

- **Korrigert for endring i rekneskapsføring aukar bruk av midlar med 12,6 mill. kr frå 2018, tilsvarande 2,6 %.**
- **Administrasjonssjefen har, for å kunne utarbeide eit budsjett i balanse, redusert rammene til dei fleste einingane i forhold til det einingsleiarane har meldt at det er behov for.**
- **Føreslått budsjett til einingane er svært stramt. Det er etter administrasjonssjefen si vurdering på grensa til det som kan reknast som realistisk. Og det vert krevjande å halde tildelte rammer.**
- **Det er avsett 7,0 mill. kr til å dekke sentrale lønsoppgjer 2019 og lokale forhandlingar haust 2018. Dette kan dekke eit lønstillegg på 2,0 % frå 01.05.19. Sjølv om vi ikkje forventar store sentrale lønstillegg til våren, så er nok likevel avsett sum likevel truleg for liten.**
- **Pensjonsutgiftene er sett til 15,5 %, tilsvarande var det 15,0 % for 2018. Det er truleg nok.**
- **Det er ikkje rom til å dekke uforutsette utgifter som evt. må komme i 2019.**

Einingane sin del av netto budsjett er som følgjer:

Sektor	Budsjett 2019	Andel i %
Politisk verksemd	6 700	1,4
Sentraladm./serv.kt./fellesutg	30 500	6,4
Grunnskule	80 900	16,9
Barnehagar	43 100	9,0
Kulturskulen, almen kultur og fritid	14 950	3,1
Barn, ungdom, familie og barnevern	35 200	7,4
Helse, omsorg, velferd	110 150	23,0
Bu- og habiliteringstenesta	129 600	27,1
Eigedomsdrift	2 200	0,5
Tekniske tenester	15 000	3,1
Kvalifisering og integrering	10 300	2,2
Sum driftsutgifter	478 600	100



- Bu- og habiliteringstenesta er den største sektoren med vel 27 % av budsjetttramma tett fulgt av Helse, omsorg og velferd med 23,0 %. Disse sektorane utgjør helse- og sosialsektoren og bruker over halve budsjettet. At denne sektoren er så stor skuldast sjølvst at Vestnes er vertskommune etter HVPU-reforma.
- Grunnskuledrift og barnehage er dei andre store sektorane, med 26 %.
- Dei store sektorane som er nemnt ovanfor disponerer over 75 % av budsjetttramma. Resten av sektorane er små i denne samanheng.
- Dette er også grunnen til at når vi må redusere driftsrammene så er det alltid helse- og omsorg, skule og barnehage som vert nemnt først. Det er her størstedelen av budsjettet ligg og skal ein redusere, må desse sektorane ta mykje.

5.2.2 Renter og avdrag

Innleiing

Renter og avdrag utgjør ein vesentleg del av kommunen sine utgifter.

Renta har variert mykje siste 10 åra. Før vi gjekk inn på fastrenteavtale på delar av låna våre endra kommunen sine renteutgifter seg i takt med rentenivået.

Siste åra har rentenivået vore stabilt lågt. Signal er at rente fortsatt vil være låg, men svakt stigande i åra framover.

Rentesats

Vi har pr. i dag fastrente på 213,4 mill. kr av låna våre. Renta varierer frå 1,7 % til 2,7 %.

Flytande rente på resten, her har vi budsjettert med 2,5 % rente.

Pr. i dag er gjennomsnittleg flytande rente 1,8 %.

Lånegjeld

- Lånegjeld pr. 31.10.18 var 470,7 mill. kr.
- Gjennomsnittleg bindingstid på fastrentelåna våre (213,4 mill. kr) er 3,19 år.
- I budsjettet har vi rekna med eit låneopptak på 27,0 mill. kr i 2019. I tillegg til dette kjem byggelån vi må ta opp til det nye- helse- og velferdssenteret.
- Vi forventar at låneopptaka vert større frå 2020 og nokre år framover. Då skal store investeringstiltak som nytt helse- og velferdssenter, rehabilitering av skulebygg og Vestnes ungdomsskule gjennomførast.

Det er budsjettert med følgande i renter og avdrag:

Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Renter, nto	8 300	7 800	5 805
Avdrag	20 300	17 500	16 340
Sum renter og avdrag, nto	28 600	25 300	22 145

- **Vi har maksimal avdragstid på låna våre, rundt 25 år.**
- **Vi får dekkja renter og delvis avdrag for ca. 65,0 mill. kr av lånegjelda vår. Det er kompensasjon for ymse statlege tiltakspakkar innan eldreomsorg, skule, kyrkje.**
- **I tillegg gjeld om lag same sum låneopptak til kloakkutbygging, utleigehus m.m. der gebyr og husleigeinntekter dekker kapitalkostnadene.**
- **Ein stor del av lånegjelda vår er sikra anten ved fastrente eller refusjonar/inntekter der det vert korrigert for evt. endring i rentenivå. Vestnes kommune er no ikkje så sårbar for evt. store endringar i rentenivå som i 2008 då renta brått auka mykje.**

5.2.3 Pensjonskostnader

Det er utgiftsført følgjande pensjonskostnader siste åra:

År	Sum	Auke i %
2011	32 500 000	3,2
2012	34 800 000	7,1
2013	40 000 000	14,9
2014	43 700 000	10,8
2015	45 100 000	3,2
2016	47 855 000	6,0
2017	50 256 000	5,0
2018	52 600 000	stip 4,7
2019	54 500 000	stip 3,6

Pensjonskostnadene utgjør ein stor del av driftsutgiftene. Dei kan variere ein del frå år til år. Størrelsen på årlege lønsoppgjer og trygdeoppgjer spelar ei rolle her m.h.t. framtidige forpliktelsar til trygde/pensjonsutbetalingar.

Siste åra har auken tilsvara omlag lønsauken.

Vi forventar ikkje større auke i 2019 heller, og har budsjettert med at den utgjør 15,5 % av lønsutgiftene.

5.2.4 Avsatt til lønsoppgjer

Det er budsjettert med lønsregulativ gjeldande pr. 01.05.18, lønsoverheng for dei fleste gruppene er såleis medrekna i budsjetta til einingane.

Unntak er lønstillegg i lokale forhandlingar hausten 2018, desse forhandlingane var ikkje avslutta då budsjettframlegget vart utarbeidd, og må difor dekkast av avsatt sum til lønsoppgjer. Det utgjør anslagsvis 1,6 mill. kr inkl sos. avgifter.

- **Det er avsett 7,0 mill. kr til å dekke ekstra lønskostnader som ikkje er innarbeidd i einingane sine budsjett. Det skal dekke rest lønsoppgjer for 2018 samt lønstillegg i 2019.**
- **Avsett sum kan dekke eit tillegg på 2,2 % frå 01.05.19. Summen burde vore større, men hadde ikkje meir til disposisjon. Truleg er dette for lite og vil ikkje dekke ekstrakostnaden.**

5.3 Kommentarer til einingane sine driftsbudsjett 2019

5.3.1 Politisk styring

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Ordfører	1 448	1 488	1 543		1 543
Politiske styringsorgan	2 314	2 045	2 193		2 193
Politisk støttefunksjon	366	347	355		355
Kommunalt næringsfond	0	0	0		0
Tiltaksarbeid	967	935	955		955
Reiselivsretta verksemd	247	260	280		280
Beredskap	369	349	355		355
Kontrollutval og Revisjon	813	848	1 022	9	1 013
Politisk styring	6 524	6 272	6 703	9	6 694

Opplysningar:

På ansvar «politiske styringsorgan» er det i tillegg til godtgjersle til varaordfører, leiar i plautval, møtegodtgjersle til alle politiske møte, også budsjettert ein del kontingentar som m.a..

- KS kontingent, inkl. FOU kr 355.000,-
- Sunnmøre regionråd kr 125.000,-
- Nynorsk kommunar kr 17.000,-
- ROR kr 136.000,-
- KS eigeomsforum kr 13.000,-
- LVSH kr 15.000,-
- Norsk bane kr 25.000,-

Tiltaksarbeid

- Vestnes Næringsforum kr 725.000,-
- Gassror IKS kr 230.000,-
- Visit Nordmøre og Romsdal AS kr 230.000,-

Utgiftene til kontrollutval og revisjon aukar med nesten 20 %, det er spesielt utgifter til revisjon som aukar.

5.3.2 Sentraladministrasjon og fellesutgifter

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding 2017 side 13.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Administrasjonssjefen	7 775	7 794	8 631	540	8 091
Rekneskap	993	1 025	1 940	548	1 392
Skatt	847	950	1 030		1 030
Løn	1 472	1 383	1 457	75	1 382
Personal	1 477	1 493	1 535	24	1 511
Servicekontor	2 337	2 580	3 472	810	2 662
Sentraladministrasjonen	14 901	15 225	18 065	1 997	16 068
Fellesutgifter	5 076	4 906	5 291	430	4 861
Utgifter hovudtillitsvalt	1 468	1 584	1 580	199	1 381
Hovudverneombud	170	125	131	3	128
Bedriftshelseteneste	344	400	400		00
Lærlingar	863	957	1 051	250	801
IKT-ROR samarbeid	5 740	6 550	7 237	44	7 193
Sparetiltak, fordelt seinare			-300		-300
Fellesutgifter	13 661	14 522	15 390	926	14 464
Sum	28 562	29 747	33 455	2 923	30 532

Opplysningar:

Ansvar «Fellesutgifter», som gjeld heile kommunens drift, aukar mykje.

Av det som er ført på fellesutgiftene nemner vi m.a.

- Krisesenter kr 1.342.000,-
- Porto, telefon, kr 390.000,-
- Intern husleige kommunehus og bibliotek kr 507.000,-
- Kontingentar og avgifter til ei rekkje fellesformål
- IKA - interkommunalt arkiv kr 225.000,-
- KS -OU-midlar kr 820.000,-
- Risk manager, årleg avgift (avviksystem) kr 95.000,-
- KF lisensar (kommunale skjema) kr 103.000,-
- KF, bedre kommune kr 33.000,-
- Medlemskontigent, nettverk fjordkommunar kr 50.000,-
- Digifin kr 135.000,-
- Personvernombod, IKA kr 70.000,-

5.3.3 Grunnskule

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding 2017 frå side 27.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Fiksdal skule	5 403	5 107	3 635		3 635
Tomrefjord skule	24 669	24 967	27 862	2 061	25 801
Helland skule	33 198	34 219	42 320	5 807	36 513
Tresfjord skule	5 574	5 301	2 815		2 815
Fellesutgifter skule/Tøndergård skule	10 678	9 314	9 662	498	9 164
PPT	2 688	2 954	4 744	1 785	2 959
Sum grunnskuledrift	82 210	81 862	91 038	10 151	80 887

Opplysningar:

Ansvar «Fellesutgifter» består stort sett av følgjande:

- Skuleskyss kr 2.850.000,-
- Utg. spes. ped elevar som går ved Vike friskule kr 2.100.000,-
- Kjøp tenester PPT kr 340.000,-
- Utg. for barn for barn som er plassert i fosterheim/spesialskule kr 3.750.000,-

Meldte behov

- Einingsleiarane melder om at det er behov for fleire rammetimar slik at ein kan dele klassar både fast og i spesielle fag.
- Det er truleg avsett for lite til å dekke ekstratimar til barn som treng ekstrahjelp i form av spes. ped. eller av helsemessige årsaker.

Endringar samanlikna med budsjett 2018

- Fiksdal skule og Tresfjord skule er føresett lagt ned frå 01.08.19. Elevane vert overførte til Tomrefjord skule og Helland skule.
Sparetiltak 2,6 mill. kr i 2019, 6,2 heilårverknad frå 2020.

Meldte konsekvensar

- Skulane gir tilbakemelding om at budsjett er stramt og at dei allereie før reduksjonane som er gjort er underbudsjetterte.
- Det er ikkje vurdert om bemanningsnorm i grunnskulen får konsekvensar for budsjettet. Det vert å kome attende til.

5.3.4 Barnehage

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding for 2017 frå side 19.

Alle tal i 1000 kr	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Tomrefjord barnehage	3 639	4 153	5 637	1 594	4 043
Tresfjord barnehage	3 270	2 728	4 243	1 130	3 113
Helland barnehage	14 551	14 746	19 831	4 675	15 156
Fiksdal barnehage	2 400	2 608	3 468	857	2 611
Gardstunet barnehage	4 361	4 677	5 721	1 464	4 257
Tilskot private barnehagar	9 348	9 989	10 300	0	10 300
Fellesutgifter barnehage	2 885	2 637	3 437	0	3 437
Redusert foreldrebetaling			800	0	800
Sparetiltak, blir fordelt seinare			-600	0	-600
Sum barnehagedrift	40 454	41 538	52 837	9 720	43 117

Opplysningar

- Tal på årsverk er auka frå 53,5 i 2018 budsjett til 56,6 i 2019 og utover i perioden.
- Tal på barn er redusert frå 235 i budsjett 2018 til 223 i 2019 budsjett, her kan det sjølvstapt bli endring i resten av åra i økonomiplanperioden.
- Helland barnehage er lagt inn med 2 ekstra årsverk frå 2019 for å kunne utvide 2 småbarnsavdelingar, til saman 6 barn under 3 år.
- Ikkje lagt inn ressursar i budsjettet for å dekke vikarinntak ved ubunden tid. Alle utdanna barnehagelærarar har rett på 4 timar ubunden tid pr. veke. Det må dekkast innanfor ordinær tid.
- Det er lagt inn midlar til å dekke ferievikarar ved Helland barnehage, prøveprosjekt 2018 og 2019.
- Fiksdal har midlertidig godkjenning på 29 barn (er godkjent for 24).
- Det er lagt inn ein uspesifisert sparesum på kr 600.000,- som må fordelast på barnehagane seinare.
- Foreldrebetaling er utrekna etter satsane i framlegg til statsbudsjett, dvs. ein liten reell auke frå 2018.
- Foreldre med familieinntekt under viss størrelse har rett til redusert foreldrebetaling, vi reknar med at det utgjør kr 800.000,-.
- Fellesutgiftene utgjør i hovudsak:
 - Ekstra tilskott til spes. ped i barnehagane kr 1.500.000,-
 - kjøp tenester frå PPT kr 1.050.000,-
 - ekstra bemanning barn med helsemessige behov kr 700.000,-

Meldte behov

- Pr. i dag vurderer vi at det er nok barnehageplassar i 2019, men dersom det vert mykje tilflytting til kommunen må vi auke plassar for å tilby alle plass.
- Behov for bygningsmessige varige endringar ved Helland barnehage for å auke barnegruppa, dette er løyvd midlar til i inv. budsjett 2018.
- Det er ynskje om lengre opningstid ved barnehagane, slik at det re bedre for dei som pendlar.

Endringar samanlikna med budsjett 2018

- Lagt inn sparesum på kr 600.000,- som må fordelast på alle barnehagane.
- Avsett kr 700.000,- til inntak av ekstraressurs for barn som treng det av helsemessige årsaker. Er auke frå 2018 då det er budsjettet 0,5 mill. kr, men likevel vert truleg denne summen for liten.
- Prøveprosjekt ved Helland barnehage med sommarstengt barnehage 3 veker og 1 veke jul. Barnehagane i oppvekstsentra og Gardstunet/Tomrefjord barnehage må ha tilbod i jul og påskehøgtida sjølve. Dette som i 2018.

5.3.5 Barn ungdom og familie (BUF)

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding for 2017 frå side 36.

Dette vart ei ny eining frå 2017. Den består av rus og psykisk helse, Myra aktivitetssenter, sosiale tenester barn og ungdom, helsestasjon, jordmorteneste.

Den inneheldt også barnevern, men frå 2019 inngår Vestnes i interkommunal barnevernteneste med Molde som vertskommune.

Aiiie tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Prosjekt BUF - Rusførebygging barn/unge	78	65	141	0	141
Prosjekt BUF - Psykolog helsestasjon	287	464	890	-410	480
Prosjekt BUF - Styrka skulehelseteneste	0	0	0	0	0
Prosjekt BUF - styrka jordmor/skulehelset.	0	0	0	0	0
Prosjekt BUF- styrking og utvikling	0	0	1 289	-1 289	0
Helsestasjon	3 210	3 538	3 495	0	3 495
Jordmorteneste	280	305	402	-90	312
Sosiale tenester barn og unge/Myrateigen	7 615	8 451	7 457	-275	7 182
Myra aktivitetssenter	1 188	1 317	1 404	-64	1 340
Psykisk helse og Rus	3 210	3 493	3 576	0	3 576
Administrasjon BUF	587	873	911	0	911
Familierettleiar BUF	277	648	729	0	729
BUF- helse og omsorgstenester	0	0	4 440	-150	4 290
Tilsyn fosterheim	17	94	184	-90	94
Sparetiltak	5	10	-300	0	-300
Sum barn, ungdom og familie (BUF)	16 754	19 258	24 618	-2 368	22 250

Meldte behov

- Auke i talet på brukarar med til dels store hjelpebehov.

Endringar samanlikna med budsjett 2018

- Frå 2. halvår 2018 vart bueining Myrateigen teken i bruk med heildøgns bemanning for å gje butilbod for unge med rus/psykiske vanskar.

Meldte konsekvensar

- Vanskeleg å budsjettere for denne eininga då nye eller utvida behov (brukarar) kan oppstå raskt. Det kan då være ressurskrevande tiltak som må settast i verk.

5.3.6 Barnevern

Som nemnt ovanfor vil Vestnes frå 2019 inngå i interkommunal barnevernteneste med Molde som vertskommune (Molde, Aukra, Midsund, Eide)

Korleis dette vil slå ut økonomisk har vi ikkje kunnskap om enno.

Budsjettet er difor utarbeidd med erfaringstal frå den drifta vi har hatt siste åra i Vestnes.

Aiiie tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Barnevern	13 352	12 638	15 961	-3 000	12 961
Prosjekt BUF - styrking barnevern	-129	27	1 324	-1 324	0
Barnevern for Rauma	0	1	755	-755	0
Sum barnevern	13 223	12 666	18 040	-5 079	12 961

5.3.6 Kvalifisering og integrering

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding for 2017 frå side 45.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Vaksenopplæring	1 803	1 614	3 860	2 210	1 650
Busette flyktningar	8 910	8 619	10 720	2 070	8 650
Sum kvalifisering og integrering	10 713	10 233	14 580	4 280	10 300

Opplysningar:

- Det er føresett at Vestnes kommune tek imot 10 flyktningar også i 2019. Vert det større avvik frå dette må budsjettet justerast seinare.

Meldte behov

- Etter ein periode med høg busetting av flyktningar og mange i introduksjonsprogram med stønad, har no situasjonen stabilisert seg på busetting av om lag 10 i året og om lag 20 i introduksjonsprogram.
- Norskopplæringa har no eit jamt tilsig av andre med rett og plikt i tillegg til dei busette flyktningane, og deltakartalet ligg på mellom 40 og 50 inklusiv betalingselevane.
- Det vil bli behov for å byggje opp igjen norskopplæringstilbodet på kveldstid då talet på arbeidsinnvandrarak aukar.
- Grunnskule for vaksne er eit kommunalt ansvar utan statstilskot. Ein har budsjettert med èi grunnskuleklasse framover, og det er det behov for.
- Spesialundervisning for vaksne er òg kommunalt ansvar som det er tatt høgde for i budsjettet.

Endringar samanlikna med budsjett 2018

- Dei kommunale utgiftene til vaksenopplæring er no i samsvar med det ein må rekne med i h.h.t. til lovpålagte tenester.
Budsjettet for 2018 kan derfor vidareførast i 2019 utan vesentlege endringar.

Meldte konsekvensar

- Vert budsjettet redusert vil gå ut over kvalifiserings- og integreringstiltak som er naudsynt for å få innvandrarak vidare i utdanning og arbeid.

5.3.7 Kulturskulen, allmenn kultur og fritid

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding 2017 frå side 50.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
<u>Kyrkjelege formål</u>					
Vestnes fellesråd	4 536	4 650	4 800		4 800
Tilskott andre trusamfunn	228	130	230		230
Kultur	4 764	4 780	5 030	0	5 030
- Andre kulturaktivitetar	1 112	1 256	1 076		1 076
- Tilskott lag og organisasjonar	232	298	280		280
- Tomrefjord idrettsbygg	89	236	865	627	238
- Vestneshallen	175	217	562	338	224
- Anlegg og friluftsliv	534	504	400		400
- barne- og ungdomsarbeid	198	323	352	70	282
	2 340	2 834	3 535	1 035	2 500
<u>Vestnes kulturskule</u>					
- Kulturskulen	4 269	4 298	7 378	2 895	4 483
- Myra kulturhus	651	582	760	165	595
- Kulturprosjekt i grunnskulen	106	42	359	400	-41
- Bibliotek	1 448	1 487	1 585	50	1 535
- Frivillighetssentral	734	827	901	50	851
	7 208	7 236	10 983	3 560	7 423
Sum kultur, kulturskulen, fritid	14 312	14 850	19 548	4 595	14 953

Vestnes kommunestyre gjorde den 15.november følgjande vedtak i sak 72/2018 om kulturarvplan

«Vestnes kommunestyre viser til framlagt handlingsdel i fire punkt for perioden 2019-2022 og ber administrasjonssjefen, så langt som råd innafor dei aktuelle kulturbudsjettkapitla, å innarbeide punkta 2, 3 og 4 i framlegg til driftsbudsjett/årsbudsjett for 2019.»

Administrasjonssjefen var på dette tidspunkt ferdig med taldelen av budsjettet. Punkta 2, 3 og 4 utgjer til saman 150 000 kr pr år. Administrasjonssjefen vil kome tilbake i driftsrapportane 2019 med framlegg til korleis tiltaka kan gjennomførast.

Meldte behov

- Det er ynskje både frå kulturskulen, bibliotek og frivillighetssentralen om å få auke personalressursen.

Endringar samanlikna med budsjett 2018

- Budsjett tilsvarear om lag som 2018, kun korrigert for løns- og prisauke.
- Unntak er kulturbudsjett som er redusert noko, grunna at det var noko «overbudsjettert» på nokre ansvar. Det er ingen reell reduksjon.

Meldte konsekvensar

- Det vil ikkje vere mogleg å utvide fagtilboda ved kulturskulen med kunstoffag og teaterfag.
- Biblioteket vil ikkje kunne utvide sine opningstider.
- Frivilligsentralen vil ikkje ha høve til å utvide med fleire aktivitetar.

5.3.8 Helse, omsorg og velferd

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding for 2017 frå side 63.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Helsevern					
- Administrativ leing Helsevern	856	832	863	0	863
- Vestnes legesenter	1 584	1 649	6 123	-4 400	1 723
- Kommunale legetenester	6 608	6 677	7 533	-270	7 263
- Fysioterapitenesta	1 262	1 295	1 330	0	1 330
	10 310	10 453	15 849	-4 670	11 179
NAV - kommune					
- Sosialkurator tenester	2 203	2 653	2 490	0	2 490
- Økonomisk sosialhjelp	3 975	3 900	4 200	-230	3 970
- Kvalifiseringsprogrammet	13	0	111	0	111
	6 191	6 553	6 801	-230	6 571
Hellanstunet					0
- Mariebo	7 755	7 321	9 355	-1 850	7 505
- Oppigarden	7 509	7 505	9 193	-1 640	7 553
- Ivartun	10 041	11 028	13 382	-2 256	11 126
	25 305	25 854	31 930	-5 746	26 184
Vestnes sjukeheim					
- Vestnes sjukeheim	36 224	36 885	44 849	-8 750	36 449
- Sentralkjøkken	-522	-662	10 162	-10 775	-613
- Tresfjord trygdeheim	15 362	15 793	20 570	-4 712	15 858
	51 064	52 016	75 581	-24 237	51 344
Heimetenestene					
- Rehabiliteringstenesta	1 810	2 151	2 236	0	2 236
- Fotterapi	135	92	0	0	0
- Heimehjelp	3 112	2 795	3 574	-707	2 867
- Heimesjukepleie	31 122	30 203	31 931	-1 200	30 731
- Heimevaktmester	122	269	707	-450	257
- Dagaktivitet	2 395	2 723	2 846	-80	2 766
- Brukarstyrt pers. assistent	800	776	735	0	735
- Dagaktivitet demente	-154	0	0	0	0
	39 342	39 009	42 029	-2 437	39 592
Fellesutgifter Pleie og omsorg	2 449	1 200	3 005	0	3 005
Samhandlingsreforma	28	100	100	0	100
Tildelingskontoret	1 429	1 581	1 813	0	1 813
Tilskott ressurskr. brukarar	0	-27 000	0	-29 000	-29 000
- Sparetiltak 2019					-1 000
Sum helse, omsorg og velferd	134 689	109 766	4 918	-66 320	110 138

Opplysningar

- Fellesutgifter PO gjeld i hovudsak
 - akutt døgnplass kommune (Ålesund kommune) kr 2.150.000,-
 - overgrepsmottak (Ålesund kommune) kr 110.000,-
 - div. kontingentar/lisensar kr 460.000,-
 - ansvarsforsikring kr 175.000,-
- Det er ei omlegging av rekneskapsføringa slik at tilskott til ressurskrevjande brukarar no vert inntektsført på fellesutgiftene for helse og omsorg. Tidlegare er desse inntektsført ilag med frie disponible inntekter. Vi forventar at desse inntektene vert 29,0 mill. kr i 2019.
- For å få budsjett i balanse er det føresett ei innsparing på 1,0 mill. kr. På det tidspunkt budsjettet vart utarbeidd er det ikkje klart korleis denne summen skal fordelast.
- I tillegg er det føresett at Molde kommune kjøper 2 institusjonsplassar frå Vestnes i store delar av 2019.

Meldte behov

- Det er auka etterspørsel etter heimetenester (heimesjukepleie).
- Fortsatt press på institusjonsplassar, men litt varierende gjennom året.

Endringar samanlikna med budsjett 2018

- Variable lønsutgifter, t.d. overtid og ekstrahjelp, er halde på eit lågt nivå. Redusert frå forbruk 2018.
- Kjøp av tenester til legevakt og akutt døgnplassar aukar mykje.

Meldte konsekvensar

- Budsjettet er stramt, på grensa til urealistisk, og vert vanskeleg å halde.
- I tillegg er det føresett ei innsparing på 1,0 mill. kr og framleis sal av institusjonsplassar.

5.3.9 Eigedomsdrift

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding 2017 frå side 96.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap 2 017	Budsjett 2 018	Budsjett 2019		
			Utgifter	Inntekter	Netto
Kommunale bygningar	18 915	18 067	16 103	11 887	4 216
Kommunale utleigebygg	979	423	2 714	2 365	349
Kommunale utleigebygg PU	-326	-31	2 484	5 159	-2 675
Kommunale omsorgsbustadar	1 042	912	1 191	2 687	-1 496
Drift av Myra området	7 122	8 107	4 682	1 292	3 390
felleskostnader vaktner m.m.	-1 287	-2 119	2 274	4 465	-2 191
Kommunale bustad/industriområde	883	1 063	229	292	-63
Administrativ leiging	865	956	870	0	870
Spareiltak			-200	0	-200
Sum	28 193	27 378	30 347	28 147	2 200

Opplysningar:

- Dette området omfattar all kommunal bygningsmasse og vaktmestertjeneste. Det gjeld PU bustadar, omsorgshusvære, kommunale utleigehusvære, kommunale bygningar som t.d. skular, helseinstitusjonar, kommunehus.

Meldte behov:

- Ein har fått gjort mykje vedlikehaldsarbeid/oppgradering av kommunale bygg og eigedom siste åra, men eininga peikar på at det framleis er stort vedlikehaldsetterslep.
- Det burde vore løyvd meir til vedlikehald, men vi har ikkje funne økonomisk rom til det.

Endringar samanlikna med budsjett 2018:

- Tidlegare år vart eininga belasta med avdrag og renter på til saman 26,0 mill. kr. Dette sluttar vi med frå 2019 då det har liten hensikt, og er berre med å bles opp budsjett/rekneskap.

Meldte konsekvensar:

- Får ikkje utført alt vedlikehaldsarbeid ein meiner er nødvendig.

5.3.10 Bu- og habiliteringstenestene

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding 2017 frå side 77.

Alle tal i 1000 kr	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Vestneshaug	4 465	4 700	5 824	267	5 557
Dagtilbud Strandbo	7 024	7 300	8 570	1 626	6 944
Plassen	5 098	5 350	5 839	300	5 539
Avlastningiltak PU over 18 år	1 792	1 300	1 290	49	1 241
BPA	912	1 860	2 014	21	1 993
Myrateigen	5 535	2 314			0
Skogheim	8 260	8 250	9 484	493	8 991
Skogvegen	8 104	8 200	9 348	476	8 872
Solstua	7 046	6 900	7 531	403	7 128
Skogly	4 243	4 500	5 103	265	4 838
Liaråket	12 196	13 500	14 146	682	13 464
Bakketun,	13 351	13 750	15 057	769	14 288
Kariplassen A	22 716	20 105	21 203	1 066	20 137
Furulia	5 832	6 500	7 347	367	6 980
Kariplassen B	10 635	23 200	25 905	1 257	24 648
Administrasjon	4 238	3 884	4 007	27	3 980
Nedlegging av ei bueining					-5 000
Sum bu- og habilitering	121 447	131 613	142 668	8 068	129 600

Opplysningar

- Budsjettet byggjer i hovudsak på bemanning og ressursbruk fastsett i enkeltvedtak, difor vanskeleg å redusere rammene mykje.
- Bu- og habiliteringstenestene har dei fleste av ressurskrevjande brukarane i kommunen, fleire av desse har auka ressursbruk noko som fører til auka utgifter.
- Bueining Myrateigen vart lagt ned i 2018, det gav innsparing og er årsak til redusert budsjett.
- I budsjettframlegget er det i tillegg til nedlegging av ei bueining også innarbeidd 1 % generell reduksjon (spareiltak) på alle bueiningar, og redusert med 2 årsverk på Kariplassen.

Meldte behov:

- Eininga har gitt tilbakemelding om at det er fleire unge som innan kort tid treng butilbod og meir teneste.

Endringar samanlikna med budsjett 2018:

- Ant. brukarar innanfor ansvarsreforma vert, ved naturleg avgang, redusert kvart år. Pr. i dag er det nokre få ledige husvære fordelt på fleire bueiningar, men ikkje nok til at vi kan få til ei flytting og nedlegging av bueining.
- I budsjett 2019 har vi redusert ramma med 5,0 mill. kr og då føreset vi at ein kan flytte saman brukarar slik at ein får frigjort 1 bueining tidleg i 2019. Det er ikkje endeleg avgjort kva bueining som vert tømt enno.
Pr. i dag er likevel dette tiltaket svært usikkert, både når det kan gjennomførast og kor mykje vi kan spare.
- Bygg som vert ledige bør seljast.

Meldte konsekvensar:

- Grunna at ein må tømme minst ei bueining, og selje huset, utan å kunne ta inn nye brukarar vert ein konsekvens at unge brukarar som står på vent for å få bustad ikkje kan få dette.

5.3.11 Tekniske tenester

Resultatmål for sektoren og tal på årsverk er omtalt i årsmelding 2017 frå side 89.

Alle tal i 1000 kroner	Regnskap	Budsjett	Budsjettframlegg 2019		
	2 017	2 018	Utgifter	Inntekter	Netto
Administrasjon	769	571	777		777
Oppmåling	-273	102	957	955	2
Plan- og bygning	609	654	2 390	1 780	610
Landbruk	1 515	1 455	1 578	35	1 543
Avløpsnett	0	-8	9 175	9 176	-1
Renovasjon hushaldning	0	-22	7 544	7 544	0
Slamtømming	0	77	2 065	2 066	-1
Brannvern	5 342	5 389	5 565	200	5 365
Feiarvesen	0	11	1 248	1 250	-2
Parkvesen	1 471	1 403	2 249	738	1 511
Kommunale vegar	5 004	5 134	6 310	613	5 697
Sparetiltak, fordelast seinare			-501		-501
Sum tekniske tenester	14 437	14 766	39 357	24 357	15 000

- Tekniske tenester har stor aktivitet og brutto er utgiftene over 39,0 mill. kr Mykje går på avgiftskapittel som vert dekkja av kommunale gebyr. Difor langt mindre nto. budsjett.
- Dei største netto utgiftene her er brannvern og vedlikehald av kommunale vegar og parkar/grøntareal.
- Eininga har fått tildelt ei nto. budsjetttramme på 15,0 mill. kr. Det tilsvarar om lag same som i år.

Meldte behov:

- Meir til drift/vedlikehald av vegar og innkjøp av materiell.
- Behov for kjøp av tenester på fleire fagfelt.
- Behov for ei stilling ekstra til administrativt arbeid.

Endringar samanlikna med budsjett 2018:

- Sett i forhold til arbeidsoppgåver virkar budsjetttramme for 2019 strammare enn i 2018.

Meldte konsekvensar:

- Mangelfult vegvedlikehald
- Lite til evt. Ekstrakostnader som kan oppstå
- Kan bli reduserte tenester på fleire av dei områda tekniske tenester har ansvar for.

5.3.12 Driftsbudsjett 2019 - Budsjettskjema

Skjena 1A – driftsbudsjett 2019

Alle tal i 1000 kr	Budsjett	Budsjett	Rekneskap
	2 019	2 018	2 017
Skatt på inntekt og formue	192 000	187 000	160 490
Rammeoverføring	180 000	168 500	182 409
Eigedomsskatt	20 000	19 600	18 934
Andre generelle statstilskott			
- vertskommunetilskott	104 800	104 500	103 790
- Komp eldreutb/skule m.m.	2 000	2 750	2 782
- Havbruksfondet	1 400	7 000	163
- Asyl og integreringstilskott	11 500	12 200	14 173
Sum frie disponible inntekter	511 700	501 550	482 741
Renter og utbytte	5 000	4 000	6 894
gevinst finansielle instrumnt			3
renteutg. Provisjoner m.m.	-8 300	-7 800	-6 530
Tap finansielle instrument			
Avdrag på lån	-20 300	-17 500	-16 340
Netto finansinnt/utg.	-23 600	-21 300	-15 973
Dekking av tidl. Års meirforbruk			
Til ubundne avsetningar			-3 309
Til bundne avsetningar			-1 840
Bruk av tidl års mindreforbruk			3 309
Bruk av ubundne avsetningar			
Bruk av bundne avsetningar			1 391
Netto Avsetningar		0	-449
Overført til investeringsbudsjettet			
Til fordeling drift	488 100	480 250	466 319
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	488 100	475 535	462 157
Meir (-) /mindreforbruk	0	4 715	4 162

Skjema 1B – driftsbudsjett 2019

Rekneskapskjema 1B - drift 2019		Budsjett	Budsjett	Rekneskap
Eining	Alle tal i 1000	2019	2018	2017
1	Politisk verksemd	6 700	6 272	6 524
2	Sentraladm/servicektr/fellesutg.	30 500	29 747	28 562
3	Grunnskule	80 900	81 862	82 210
4	Barnehage	43 100	41 538	40 454
5	Kulturskolen, kultur og fritid	14 950	14 850	14 312
6	Kvalifisering og integrering	10 300	10 233	10 713
7	Barn, ungdom og familie	22 250	19 258	16 754
	Barnevern	12 950	12 666	13 223
8	Helse, omsorg og velferd	110 150	109 766	107 425
9	Bu- og habiliteringstenestene	129 600	131 613	121 447
10	Eigendomsdrift	2 200	27 378	28 193
11	Teknisk sektor	15 000	14 767	14 445
12	Kjøp tenester Tremek	2 500	2 200	2 490
13	Avsatt til lønsauke 2018	7 000		
14	Kalkulatoriske inntekter		-26 615	-26 615
Sum bruk av midlar		488 100	475 535	460 137

6. Investeringsbudsjett 2019

6.1 Innleiing

- **Lånegjelda til Vestnes kommune vil auke svært mykje i kommande år. Truleg 400,0 mill. kr berre til bygging av nytt helse- og velferdssenter, ungdomsskulelokale og rehabilitering av Tomrefjord skule og tiltak ved Helland barneskule, sjå pkt. 6.2.**
- **Administrasjonssjefen meiner difor at vi i kommande år bør redusere investeringar til andre tiltak slik at vi ikkje må ta opp nye lån meir enn det vi nedbetaler i årlege avdrag. Vert difor streng prioritering av tiltak.**

6.2 Store investeringsprosjekt som vert lagt fram som eigne saker

Det er nokre store investeringsprosjekt som administrasjonssjefen ikkje har teke med i framlegg til løyving i 2019.

Det gjeld:

- Nytt helse- og velferdssenter
- Ny felles ungdomsskule, rehabilitering av Tomrefjord skule/Helland barneskule

Det vert i same møte som denne saka skal behandlast lagt fram eiga sak som gjeld godkjenning av helse- og velferdssenter inkl. kostnadsramme og finansieringsplan. Bygging vil gå over både 2019 og 2020.

Skulenemnda sin rapport/innstilling til utbygging innanfor grunnskulesektoren skal behandlast av kommunestyret i mars 2019.

Då vert det avklart korleis ein skal skaffe lokale til felles ungdomsskule, behov for rehabilitering av Tomrefjord skule og utbetringar som må gjerast ved Helland barneskule inkl. avklaring på kva som skal skje med svømmebassengbygget.

Det vert truleg planlegging og prosjektering det meste av 2019, og bygging/rehabilitering kjem truleg ikkje i gang før i 2020.

6.3 Tidlegare unytta løyvingar

Ein del av investeringsprosjekta som det er gitt løyving til i 2018 vert ikkje ferdige i år. Nokre få vert heller ikkje oppstarta i år.

Årsaka til dette er at ein i nokre tilfelle ikkje er ferdig med planlegginga eller at ein ikkje har hatt kapasitet til å prosjektere ferdig tiltaka. Men det kan og være at anbuds- og innkjøpsprosessen tek lang tid. I ein del tilfelle kan det være vanskeleg å få entreprenørar til å utføre arbeid så raskt som ein har tenkt.

Når rekneskapan for 2018 er avslutta vil det i kommunestyremøte på nyåret bli lagt fram sak med framlegg om kva unytta løyvingar/prosjekt som skal overførast til 2019.

6.4 Framlegg til investeringstiltak i 2019

Administrasjonssjefen rår kommunestyret til å gjere følgjande investeringar:
(tiltaka er **ikkje** prioritert, nummereringa er kun av praktiske årsaker)

Prosjekt	Løyving 2 019	Seinare års Løyving (frå 2020)	Tidlegare løyvd
1 Legesenter, div utstyr	150 000		
2 Tomrefjord skule, classesett stolar og pultar	150 000		
3 Barnehagar, uteleikar og uteområdet	500 000	1 000 000	
4 Grunnskulen, classesett PC og IKT utstyr	1 100 000		
5 Kulturskulen, interaktiv nettstad («Velkomstpakke»)	200 000		
6 Helland barnehage, utstyr inne	200 000		
7 Barnehagane, sett med datautstyr	150 000		
8 Sjøgata - opprusting	4 350 000		
9 4. arm i rundkøyringa, rasteplass og parkeringsareal	3 000 000	5 000 000	
10 Grøntaksen, reguleringsplan	500 000	?	
11 Opprusting komm. vegar inkl. asfaltering	2 000 000		
12 Brann utstyr skogbrannberedskap	250 000		
13 Buktavegen, restløyving	5 500 000		15 000 000
14 Eigedomsdrift, lift	750 000		
15 Maling/rehabilitering av bygningar på Myra området	500 000	500 000	
16 Tiltak innanfor BUHAB	500 000		
17 IKT - rør	1 700 000		
18 Vestnes fellesråd, flislegging Vike kyrkje	290 000		
19 Eigenkapitalinnskott KLP	2 600 000		
20 IKT utstyr felles	1 500 000		
21 Ringeanlegg, Senior Plaza	700 000		
22 Opprusting kommunale bygg, fordelast seinare	1 500 000		
Sum ordinære investeringar	28 090 000	6 500 000	15 000 000
23 Bustadfelt Fiksdal	1 500 000	500 000	
24 Avløp	5 000 000		
25 Brann/feing, bil	600 000		
Investeringar , kapitalkostnader dekkav avgift/gebyr	7 100 000		
Sum investeringar 2019	35 190 000		

6.5 Finansiering

Samla er det føreslått investeringar for knapt 35,2 mill. kr.
Tiltaka er føreslått finansiert slik:

	Sum
Låneopptak, ordinære investeringar	20 490 000
Låneopptak, dekkav gebyr	7 100 000
Momsrefusjon	5 000 000
Sal av eigedom	2 600 000
	35 190 000

- Renter og avdrag på låneopptak til avløpsnett og bil til feiar 7,1 mill. kr, vert dekkav kommunale avgifter og gebyr.
- Låneopptak, eks. det som vert dekkav gebyr, tilsvarer om lag det vi skal betale i avdrag i 2019.
- Eigenkapitalinnskott i KLP er føresett dekkav salsinntekter frå tomter eller sal av eigedommar som ikkje lånebelagt.

6.6 Kommentarer til investeringane

- 1. Legesenteret, div utstyr **kr 150.000,-****
Det er behov for ein del nytt teknisk utstyr på legesenteret. Nye stoler på venterom og heve-senkebord på kontora ventar vi med til det nye legesenteret skal innreist.
- 2. Tomrefjord skule, klassesett stolar og pultar **kr 150.000,-****
Utskifting av stolar og pultar på u- skulesteget. Dei som er i dag er utslitt.
- 3. Barnehagar, uteleikar og uteområdet **kr 500.000,-****
Det er ynskje frå fleire av barnehagane om til dels større utbetringar spesielt på uteområda. Behova er oppgitt til fleire millionar.
Administrasjonssjefen ser ikkje at vi har rammer til å kunne avsette så mykje, men føreslår ein sum på 0,5 mill. kr. Vi føreset då at einingsleiar for eigedomsdrift, i lag med barnehagane, prioriterer kva arbeid som skal gjerast.
Det er også løyvd 0.5 mill. kr i 2018, og vert sikkert behov for løyving i fleire år.
- 4. Grunnskulen, klassesett PC og IKT utstyr **kr 1.100.000,-****
I budsjett 2017 og 2018 er det løyvd til saman 3,0 mill. kr til kjøp av PC klassesett og anna IKT utstyr til grunnskulen.
Føresetnaden var å få til ei stor satsing slik at maskintettheita i grunnskulen skal bli langt betre enn det som har vore tilfelle.
Vi avset 1,0 mill. kr også i 2019 for å fullføre dette tiltaket.
- 5. Kulturskulen, interaktiv nettstad **kr 200.000,-****
Kultursektoren er i gang med å utgreie «velkomstpakke» for nye innbyggjarar.
Det skal være ein interaktiv nettstad, som skal være inngangsporten for alle som er «ny i Vestnes». Den kan og brukast som turistinformasjon om Vestnes.

Kommunestyret fekk ei grundig orientering om tiltaket i dialogmøta tidlegare i haust. Tiltaket fekk stor åtgåum og oppmoding om å fortsette med arbeidet.
Det vert føreslått løyvd kr 200.000,- i 2019, og så må vi rekne med ytterlegare løyving i 2020, men sum er enno usikker.
- 6. Helland barnehage, innemøblar **kr 200.000,-****
Helland barnehage, nedre vart teken i bruk hausten 2003. Det har vore lite utskifting/nykjøp av møblar og det er no behov for det. Dette vil også være positivt for arbeidsmiljø og arbeidsforholda for dei tilsette.
- 7. Barnehagane, sett med PC og IKT utstyr **kr 150.000,-****
Det er behov for langt fleire PC-ar enn det vi har i barnehagane. Løyvinga vil kunne gje ca 20 nye PC/brett.
- 8. Sjøgata, - opprusting **kr 4.350.000,-****
Vidareføring etter at Sjøfronten vart ferdig i haust. Opprusting av om lag 270 m 2 felts veg, med fortau, gangfelt (3), slukar/drenering, delvis langsgående parkering, vegbelysning. Kostnadsoverslag på 3.500.000,-
I tillegg burde vi utbetra 70-80 m (lengst aust) av Kaigata. Her sviktar delvis underbygginga, så her må ein skifte masse for å oppnå bæreevne. Kostnadsoverslag på 850.000,-.

9. 4. arm i rundkjøringa (E39), rasteplass og parkering kr 3.000.000,-

Det vart løyvd pengar til prosjektering 2018- arbeidet er i gang.

Plana er å bygge den 4. arma på rundkjøringa, flytte/bygge ny gangveg i ca 350m lengde, etablere ein rasteplass på om lag 2.500 m2 og ein parkeringsplass på om lag 3.800 m2. Vi har kostnadsrekna parkeringsplassen til om lag 3 – 3,5 mill, medan resten er berekna til 3.900.000,-.

Samla nær 8,0 mill. kr, men kostnadsoverslaget er enno noko usikkert.

Den planlagde rasteplassen for bular og andre ved Flatevågen, trur vi vil bli populær og betre stoppeeffekten for sentrumet vårt.

Det andre parkeringsarealet (90 -100 plassar på arealet til idrettslaget) vil kunne brukast både av brukarane av idrettsplassen og andre som treng parkering ved sentrum. (kanskje kan det tene som ekstra parkeringsplassar for kommunekvartalet også). Dette prosjektet er vanskeleg å budsjettere, m.a. er vi usikre på kor mykje massar som må bort (parkeringsplassen), kva fasilitetar som skal vere på rasteplassen, ekstra kostnader med arbeidet heilt inntil europavegen m.m.

Administrasjonssjefen rår til at det vert avsett 3,0 mill. kr i 2019. Når planane er endeleg ferdig vil administrasjonssjefen legge fram eiga sak om prosjektet slik at kommunestyret får ta endeleg standpunkt til kor mykje som skal gjerast.

10. Grøntaksen, gangfelt og reguleringsplan kr 500.000,-

I forbindelse med utbygging av Kjøpmannsgata vart grøntaksen fullført forbi Leilighetsbygget til Bjørn Rune Gjelsten. No står det att om lag 50 m inkludert kryssing av Fv 160. Fylkesmannen hadde merknader til helse- og velferdsenteret og meinte at for mykje av noverande parkområde vart teke vekk. Han peikte også på at det er for lite areal og leikeaktivitetar for barn og unge i sentrum. Bør utarbeide reguleringsplan for resten av grøntaksen. Vi avset midlar til dette, løyving til tiltak kjem vi tilbake til i 2020 budsjett.

11. Opprusting av komm. Vegar inkl. asfaltering kr 2.000.000,-

Fortsatt stort behov, - både bygdevegar og «byggefeltsvegar». Kostnader til forarbeid før asfaltering vert også dekt her. Dette inkluderer også trafikktryggingstiltak som fartshumpar og skilting. Med dagens investeringstakt (2 mill pr år) vil vi ikkje kunne halde dei kommunale vegane med asfaltdekke.

12. Brann/ feiing, utstyr til skogsbrannberedskap kr 250.000,-

Ønske om utstyr til skogsbrannberedskap kr. 250.000,-

13. Buktavegen, restløyving kr 5.500.000,-

Prosjektet starta i 2016. Ferdigstilling i løpet av 2019. I 2016 vart det antyda ein kostnad på 17,6 mill. kr for heile prosjektet. Arbeidet har gått over fleire år og det er i åra 2016 – 2018 løyvd 15,0 mill. kr, og føresett restløyving i 2019.

Dette er eit stort prosjekt (i vår målestokk) med ein del usikre faktorar. Det er nokre ting som ein ikkje forutsåg godt nok før vi starta:

- Stadvis er det dårlegare massar i den gamle veggen enn antatt, noko som fører til betydeleg meir masseskifting. Det står framleis att ein del trauing for veg/fortau, men så langt ein ser no kan dette ende på 800.000,- til 1.000.000,- ekstra.
- Større tilpasningar til eksisterande avkøyrslar og heving av fleire garasjer (nedsida) på grunn av at veggen blir breiare og delvis høgare i terrenget. Dette har ein ekstra kostnad på opp mot 1.000.000,-
- I tillegg har det blitt betydeleg meir muring (øvre side). Mykje muringsarbeid gjenstår, så det er vanskeleg å talfeste no. Anslag på 800.000,- til 1.000.000,-.

Vi avset 5,5 mill. kr som restløyving til prosjektet, usikkert på om dette held.

- 14. Eigedomsdrift, lift **kr 750.000,-****
Vi har behov for ein nyare personløftar (lift). Dette med bakgrunn i gjentatte driftsproblem med den gamle, samt at ein har behov for større sidevegs kapasitet, meir eigna for skrånande terreng og meir eigna for arbeid på skråtak. Den liften vi no har vart i si tid kjøpt brukt, og det har vore stadige problem og driftsavbrot på den. Eining for eigedomsdrift har eit sterkt fokus på HMS og alle våre tilsette har fått kurs i å arbeide i høgda. Krava til arbeid i høgda er strengare no enn tidlegare, og vi må ha sikker åtkomst til både tak og veggjar. For det nye helse- og velferdsbygget må vi ha lift for å komme til utvendige flater i høgda. Vi treng ein lift med nok rekkevidde både i høgda og sidevegs.
- 15. Maling av bygningar på Myraområdet **kr 500.000,-****
Oppigarden, Mariebo og Ibartun har eit stort behov for eit par strøk maling. Mange stader har malinga falle heilt bort, og det vil ikkje ta lang tid før treverket vil bli øydelagt. Da vil det heller bli behov for å skifte ut bordkledninga på bygningane. Foreslår løyving på 0,5 mill. kr i 2019 og tilsvarande i 2020.
- 16. Tiltak innanfor BUHAB området **kr 500.000,-****
Innanfor husværa som bu- og habiliteringstenestene disponerer er det meldt behov for ei rekkje tiltak. Mykje går på ombygging av husværa når det er skifte av bebuarar, men også oppgradering og utviding av personalbasar. Samla ei liste på 3,0 – 4,0 mill. kr, ikkje alle tiltaka er etter administrasjonssjefens vurdering aktuell å gjere. Det vert føreslått løyvd 0,5 mill. kr i 2019 og så får ein i lag med leiar for bu- og hab. Tenestene må sjølv gjere ei streng prioritering av kva som skal gjennomførast.
- 17. IKT ROR samarbeid **kr 1.700.000,-****
Kommunestyret vedtok i møte 13.06.13, sak KST 43/13, og gå inni eit forpliktande langsiktig og strategisk IKT- samarbeid i Romsdal frå 01.01.14. I tillegg til årlege driftskostnader er dei også ansvarleg for nyinvesteringar på dataanlegga til samarbeidskommunane. Vestnes kommune sin andel av investeringane på 11,5 mill kr i 2019 er vel 1,7 mill. kr. I 2019 skal dei to viktigaste prosjekta bli slutført: Sak/arkiv og Grunnmur del 2. Prosjektet for Innbyggjarportal (= kommunane sine internettsider) blir vidareført med minSide-funksjonalitet. Samla sett vil desse tre prosjekta beslaglegge det meste av ramma.
- 18. Vestnes fellesråd, flislegging golv Vike kyrkje **kr 290.000,-****
Vestnes kyrkjelege fellesråd søker om løyving til fleire prosjekt, men prioriterer løyving til å flislegge delar av golvet på Vike Kyrkje. Det er 50 år gammalt, utslitt og vert no prioritert å flislegge det som må skiftast.
- 19. Eigenkapitalinnskott i KLP **kr 2.600.000,-****
Pensjonsfonda i KLP aukar, og det er behov for å auke eigenkapitalen frå kommunane. Reknar med at Vestnes sin andel vert ca. 2,6 mill. kr i 2019. Kapitalinnskott kan ikkje finansierast ved låneopptak, vi føreset at vi i løpet av neste år får solgt eigedommar slik at salsinntektene kan finansiere dette. Dersom ikkje må vi dekke det ved bruk av disposisjonsfond.
- 20. IKT- utstyr **kr 1.500.000,-****
Vestnes har telefonsentral som er basert å Nortel CS 1000. Dette systemet vert ikkje vidare utvikla og retta feil på frå våren 2019. Vi må difor over på ny telefonløyving, kostnad er enno ikkje avklart. Vi må få på plass trålaust nett i bygga våre. Framleis mangler det godt nok nett i Vestneshallen, Gardstunet, og Tomrefjord barnehage, kanskje også fleire bygg. Digitaliseringsgruppa må også gjennomføre fleire digitaliseringsprosjekt.

- 21. Ringeanlegg Senior Plaza **kr 700.000,-****
Det er manglar knytt til desse ringeanlegga, gjeld ytterdør. Pårørande eller besøk til bebuar får ikkje tak i bebuaren anna enn per telefon. Vi leiger altså ut bustader der det ikkje er mogleg å bruke ringeklokka som høyrer til leilegheita. Fram til no har vi brukt nokså mykje på å reparere anlegget. Det er fleire leilegheiter der det ikkje er mogleg å reparere anlegget. Vi bør anskaffe nytt ringeanlegg.
- 22. Opprusting av kommunale bygg **kr 1.500.000,-****
Det er stort behov for opprusting av kommunale bygg, m.a. utskifting av gamle vindu, betre energiisolering.
Administrasjonssjefen rår til at det vert avsatt ein samlesum på 1,5 mill. kr til dette og at einingsleiar for eigedomsdrift får fullmakt til å disponere summen der det trengst mest.
- 23. Bustadfelt i Fiksdal **kr 2.000.000,-****
Private aktørar (Jim Solbakken m.fl.) har regulert eit bustadområdet ned mot sjøen. Dei vil at kommunen skal stå for utbygginga og at dei private aktørane stiller med anleggsbidrag. Kommunen skal uansett bygge ut avløpsanlegg og vil difor ha behov for at vegen fram til planlagt slamavskiljar vert bygd (men med lågare standard enn til bustadområdet). Kostnadsoverslag for utbygging av trinn 1 (ca 20 bustadtomter) er 6.600.000,- der kommunen sitt «behov» vil utgjere ca 1,5 – 2,0 mill. (Dette vert belasta avløp).
Vi rår til at det vert avsatt 1,5 mill. kr i 2019 for å dekke kommunen sin andel av utbygginga, og truleg 0,5 mill. kr i 2019.
- 24. Avløp **kr 5.000.000,-****
Vi har fått utført mykje innanfor dette feltet dei siste åra, men det står enno att fleire prosjekt: slamavskiljar i Skorgen er ikkje fullført, slamavskiljar i Fiksdal i forbindelse med bustadfeltutbygginga, ny pumpestasjon på Helland (Sjøgata) – delvis utført, oppgradering av ledningnett i store deler av Heenfeltet, nyanlegg i Syltebakken m.m.
- 25. Brann/ feiing, ny bil **kr 850.000,-****
Ny bil til feiarane (krav frå arbeidstilsynet om betre skille mellom kupe og vare-/lasterom – pga støv og auka helsefare). Budsjettpris for ein eigna bil inkl.litt ombygging er om lag 600.000,-. Her kan ein alternativt lease bil. Feiebil vert dekt på sjølvkostkapitlet.

6.7 Tiltak som ikkje er prioriterte eller er klare til investering

Det er nok ynskje frå einingsleiarane om fleire investeringstiltak enn det administrasjonssjefen har funne rom til å prioritere.

Administrasjonssjefen har som nemnt innleiingsvis gjort ei streng prioritering av kva tiltak som vert prioritert i 2019.

Av større tiltak som ikkje er prioriterte eller som er krev store investeringar seinare år, nemner ein m.a.:

Prosjekt	Antyda kostnad
Kjøkkenbygg Myra, utskifting av vindu og dører	700 000
Helland SFO, gjerde	ikkje berekna
Bustadfelt Bårdsnesosen	2 500 000
Bustadfelt Skorgevik 3	2 500 000
Bustadfelt Tresfjord sentrum	1 200 000
Gatelys Fiksdalsstranda	1 300 000
Veglys langs kommunal veg	500 000
Syltebakken div tiltak	ikkje berekna
Reservekraft Myra	4 200 000
Kamraovervåking H. skule og Vestneshall	ikkje berekna
Veg på Myraområdet, ved Ivartun og Solstua	1 450 000
Kartlegging av kostnad med riving av Strandbo	250 000
Sentralkjøkken, opprusting	4 000 000
Helland barneskule, overbygg mellom skulane	600 000
Tomrefjord skule, uværskur	800 000
BU- og hab, mange tiltak	3 000 000
Myra kulturbygg, nye stolar	150 000
	23 150 000

Kjøkkenbygget Myra, Vindu og dører

Antyda kostnad kr 700.000,-.

Det er no berre vindauge og dører i ytterveggar som ikkje er skifta på bygget. Taket vart skifta for nokre år sidan og framstår no som nytt, bordkledning er impregnerert og godt vedlikehald. Ved regnvêr kjem det no inn vatn fleire plassar gjennom øydelagde vindauge, og solskjerminga er defekt. For å sikre bygget mot vasskadar som følgje av vassinntrenging, ynskjer eigedomsavdelinga no til å byte vindauge. Samstundes kan ein og då skifte solskjerming på den sydlege fasaden. Vi finn ikkje å kunne prioritere dette i 2019, og set det på vent til 2020.

Helland SFO, gjerde

Det er ynskje om å få gjerde inn delar av uteområdet. Føreslått at det kan gjerast i fleire etappar. Kostnad usikker.

Vert ikkje prioritert i 2019, bør vente til det er avklart kva som skal skje med rehabiliteringstiltak ved Helland barneskule.

Bustadfelt

Tekniske tenester peikar på at det kan være aktuelt med byggjefelt både i Bårdsnesosen, Skorgevik og Tresfjord.

Administrasjonssjefen vil ikkje prioritere det no, men dersom det i løpet av året skulle vise seg at det vert stort behov tomter på desse plassane vil ein komme tilbake med sak på det i løpet av året.

Gatelys Fiksdalstranda

Antyda kostnad kr 1.300.000,-.

Fiksdal vel og privatpersonar har ved fleire høve komme med framlegg om at det bør løyvast midlar slik at ein kan få gatelys på Fiksdalstranda.

Veglys langs kommunale vegar

Tekniske tenester ynskjer at det kan bli avsatt ein sum som ein kan bruke til små prosjekt som burde vore utført. Gjeld i hovudsakleg komplettering av delvis belyste vegar. Budsjettkostnad er om lag kr 25.000,- pr. lyspunkt.

Syltebakken

Reguleringsplan frå 2015. Bustadtomter, rorbuer, grøntområder m.v.

Tomter er private medan det er regulert til offentleg veg/gangveg med gangbru over Sjøelva (ved osen) over til småbåthamna.

Kostnadsoverslag ukjent.

Ikkje konkrete planar no, ikkje prioritert.

Reservekraft på Myra

Kostnad 4,2 mill. kr.

Eksisterande aggregat er gammalt og har ikkje nok kapasitet til å forsyne dei bygga som har behov for reservekraft. Start/stopp og prioritering av last må gjerast manuelt. Hovudtavla er gammal og utdatert og tilfredsstillar ikkje notidas krav til komponentar og avdekning. Norconsult AS har vore innleigd til å vurdere behovet og sett på moglege løysningar i forhold til reservekraft på Myra. Norconsult har berekna at det er et effektbehov på ca. 570kW. Drifta for aggregatet er vurdert og det vil være behov for ein drivstofftank på 3000 liter. Hovudtavla må bytast, og det vil bli behov for meir areal for å få plass til eit aggregat av denne sorten. Det er foreslått ein løysning med komplett aggregatinstallasjon montert i ein container som blir løfta på plass på ønsket sted. Dei bygga som er prioritert for dette anlegget er pu-bustader, institusjonar og barnehage.

Kameraovervåkning Helland Skule og Vestneshallen

Kostnad ukjent

Vi er i periodar plaga med innbrot og uønska hendingar rundt skulen og idrettshallen. Eit overvåkingssystem vil både kunne verke preventivt og hjelpe politiet med å ta dei rette gjerningsmennene.

Utbetring av serviceveg bak Ivartun og mot Solstua

Kostnad kr 1.450.000,-.

Vegen her er for smal og svingete til dagens trafikk, i tillegg så ligg den så nært inntil Ivartun at vi opplever skade både på bygning og kjøretøy som følge av dette. Området blir trafikkert av følgjande større kjøretøy: varetransport, maxitaxi, ambulanse, renovasjonsbil, begravellesbyrå osv.

Kartlegging/rapport om riving av Strandbo

Kostnad kr 250 000,-.

Bygget står til nedfalls. Eining for eigedomsdrift har no sett opp gjerde rundt bygget for å hindre hærverk eller at nokon skadar seg på bygget. Ein er kjent med at bygget har miljøgifter, og det er nødvendig å få ei nærare kartlegging av kva rivekostnader vil vere.

Sentralkjøkken, rehabilitering

Kostnad 4,0 mill. kr.

I 2017 blei Norconsult engasjert for å utarbeide ei tilstandsvurdering av sentralkjøkkenet. Det er behov for å utbetre tidlegare feil og manglar, nytt kjølerom og fryserom. Norconsult har prissett arbeidet til kr 2,5 mill. Vi foreslår å auke denne summen til kr 4 mill. – vi må mellom anna sjå på ventilasjon/kjøling av arbeidslokale. Dette er ikkje med i overslaget frå Norconsult.

Det er komme signal frå sentrale myndigheiter om at det kan komme tilskottsordning til rehabilitering av institusjonskjøkken i 2020. Administrasjonssjefen rår til at rehabilitering av kjøkkenet vert utsatt til det vert avklart om det kjem tilskottsordningar.

Helland skule, overbygg

Stipulert kostnad kr 600 000,-.

Det gjeld overbygget mellom barneskulen og ungdomsskulen. Det er innmeldt fleire gonger behov for å gjere noko med overbygget då det er rådeskada. Fram til no har det blitt satt på vent til at dette med skulestrukturen er landa. Vi veit ikkje kor omfattande råteskadane er, men noko må gjerast no.

Dette bør, etter administrasjonssjefens meining, vente med til kommunestyret har bestemt vidare skulestruktur og kva som skal gjerast av utbygging/rehabilitering ved skulen.

Tomrefjord skule, uværskur

Kostnad kr 800.000,-.

Uværskur for mellomsteget. Eit frittstående leskur eller eit takoverbygg. Usikker på pris. Det er ei utfordring at elevane ikkje har ein stad å vere når det er uver. Dette har vore eit tema i mange år her. Vanskeleg å anslå da vi ikkje har noen særlige opplysninger om størrelse, plassering etc. Antyder mellom 3 – 500 000,-.

Nye markiser på veggen mot byggefeltet. Dei er meir eller mindre øydelagde og veldig prega av ver og vind. Kr. 300 000,-. Bør takast samtidig med renovering av denne fasaden. Dette er den siste fasaden som enno ikkje er renovert.

Dette bør, etter administrasjonssjefens meining, vente med til kommunestyret har bestemt vidare skulestruktur og kva som skal gjerast av utbygging/rehabilitering ved skulen.

Tiltak innanfor BUHAB

Stipulert kostnad mellom 3,0 og 4,0 mill. kr.

BUHAB melder om fleire nødvendige tiltak. Dette er tiltak som:

- Ombygging og samanslåing av leilegheiter for å kunne gjennomføre medleverturnus etter krav frå Fylkesmannen.
- Tilpassing av leilegheiter for å gje plass til å gjennomføre tilpassing til medleverturnus eller brukarane sine behov.
- Oppgradering av personalbasar, garderobe for tilsette og HCWC for publikum ved kantina på kjøkkenbygget
- Utskifting av vindauge, dører og noko reparasjon av fasadar på nokre PU-bustadar
- Etablering av uteoppholdsområde ved dagsenteret på T-3 bygget

6.8 Budsjettskjema 2A – investering

Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2 019	Budsjett 2 018	Rekneskap 2 017
Investeringar			
Investering i anlegsmidler	32 590 000	25 762 000	71 544 118
Utlån og forskotteringer	0		1 124 671
Kjøp av aksjar og andelar	2 600 000		6 202 454
Avdrag på utlån			883 575
Dekking av tidlegare års udekka Avsetningar			2 307 720
Åets finansieringsbehov	35 190 000	25 762 000	82 062 538

Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	27 590 000	21 012 000	57 845 273
Tilskott investeringar		1 050 000	8 615 061
Kompensasjon merverdiavgift	5 000 000	3 700 000	
Mottekne avdrag på utlån og ref.			9 674 660
Andre inntekter	2 600 000		4 423 196
Sum ekstern finansiering	35 190 000	25 762 000	80 558 190

Overført frå driftsrekneskapen			0
Bruk av ubunde inv. Fond			314 960
Bruk av bundne inv. Fond			883 575
Sum finansiering	35 190 000	25 762 000	81 756 725

Udekka/udisponert	0	0	305 813
--------------------------	----------	----------	----------------

Særutskrift til: